

# ÅRSMELDING 2020



Kartverket

# Innhald

DEL 1  
Melding frå leiaren  
Side 4

DEL 2  
Introduksjon til verksemda og hovudtal  
Side 7

DEL 3  
Årets aktivitetar og resultat  
Side 12

Del 4  
Styring og kontroll i verksemda  
Side 28

DEL 5  
Vurdering av framtidsutsikter  
Side 38

DEL 6  
Årsrekneskapen  
Side 45

VEDLEGG:  
• Overordnet ROS-analyse  
• Status handlingsplan geodatastrategi

”  
**Kartverket må i åra som kjem,  
ta ytterlegare grep og utvikle rolla  
som nasjonal geodatakoordinator**



Johnny Welle tok til som kartverkssjef 1. april 2020.  
Her er han avbilda i samband med oppstart av marine  
grunnkart i kystsona i Ålesund.  
Foto: Bjørn-Owe Holmberg

## DEL 1

# Melding frå leiaren

Stadrelaterte data er og vil bli ei meir kraftfull kjelde for verdiskaping, innovasjon og tenesteutvikling innanfor offentleg og privat sektor i åra som kjem. Midt oppi ein pandemi og i den digitale transformasjonen som skjer i samfunnet, leverer vi i all hovudsak på måla for 2020. På vegen vidare styrer Kartverket mot å bli ein meir relevant og attraktiv samarbeidspartnar for både offentlege og private verksemdar.

Kartverket ser at god tilgang til og bruk av geografisk informasjon blir stadig viktigare for næringslivet, kommunane og andre brukarar. FN og EU har også definert geodata som datasett av høg verdi, og EU vil styrkje næringslivet gjennom å gjere det meir friksjonsfritt å strøyme data på tvers av sektorar, økosystem og land. Ambisjonen i regjeringa sin Nasjonale geodatastrategi, «Noreg skal bli leiande i bruk av geografisk informasjon» er krevjande, og han gjer det heilt nødvendig at Kartverket tek grep og viser veg om vi skal ha ein sjanse til å lykkast med å utvikle den geografiske infrastrukturen. Dette er nødvendig slik at geodatastrategien kan møte samfunnsutfordringar som klimatilpassing, miljøutfordringar, transport, ressursforvaltning, beredskap og urbanisering. I tillegg må han tilpassast digitaliseringa i samfunnet.

Til no har stat og kommune vore hovudaktørane i samarbeidet om felles løysingar for deling av geodata, men i utviklinga av den geografiske infrastrukturen står samfunnet no overfor nye utsikter og krav. Privat sektor vil i større grad skape og vere mottakarar av geografisk informasjon. Kartverket må i åra som kjem, ta ytterlegare grep og utvikle rolla som nasjonal geodatakoordinator, og vi må syte for at offentlege verksemdar og privat næringsliv får tilgang til stadrelaterte data med rett kvalitet til rett tid – i eit brukardrive perspektiv.

Vi har i 2020 auka digitaliseringsgraden i tråd med krav og forventningar frå både brukarane og eigardepartementet vårt.

I pandemiåret 2020 har vi levert detaljerte og oppdaterte kart- og eigedomsdata saman med kommunane i nasjonale fellesløysingar som FKB og matrikkel. Vi har halde ved lag samfunnskritisk drift som tinglysing og posisjonstenester i eit år der flesteparten av oss har sete på heimekontor.

Kvalitetssatsinga vår i 2020 på det nasjonale eigedomsregisteret, matrikkelen, vil gje grunnlag for ytterlegare modernisering av denne felleskomponenten. Dette er første steg på vegen til framtidens e-matrikkel, som på sikt vil kunne gje sterke bidrag til innovasjon og effektivisering i kommunar, andre offentlege verksemdar og privat næringsliv.



...høgoppløyste djupnedata langs kysten vil gje ein årleg gevinst på

# 515 MNOK

berre for skipsfarten

Vi har også forbeta djupne- og høgdedata for terreng og infrastruktur til lands og til sjøs i året vi har lagt bak oss, slik at vi får eit endå betre grunnlag for sikker og effektiv ferdsel og for å kunne oppskalere satsinga på intelligente transportsystem.

Dei marine grunnkarta våre i kystsona bidreg til eit betre kunnskapsgrunnlag om sjøbotnen langs norskekysten heilt inn til fjørsteinane. Dette gjer vi saman med samarbeidspartnarane Noregs geologiske undersøking, Havforskningsinstituttet, kommunar og fylkeskommunar. Det treårige pilotprosjektet starta opp i 2020 i områda Stavanger i Rogaland og Ålesund og Giske i Møre og Romsdal. Skjervøy og Kvænangen i Troms og Finnmark står på programmet frå 2021. Arbeidet vi gjer i desse tre pilotområda, skal leggje grunnlag for eit mogleg nasjonalt program frå 2023.

Dei øyremerkte koronamidlane Kartverket har til kartlegging av hamne-data, har også vore eit viktig bidrag for å stimulere næringslivet i djupne-kartlegging og digitaliseringa av hamner dette året. Samfunnsøkonomiske nytteberekningar viser at høgoppløyste djupnedata langs kysten vil gje ein årleg gevinst på 515 MNOK [1] pr. år berre for skipsfarten.

Vi klarer å levere på samfunnsoppdraget vårt i 2020 takk vere dyktige medarbeidarar, som stort sett har jobba heimanfrå dette året. Digitaliseringsgraden har auka. Innføring av Teams vart gjort på rekordtid. Det har vorte eit viktig verkøy som styrkjer samarbeid på tvers i organisasjonen og med eksterne samarbeidspartnarar.

Vi har tilpassa oss pandemi-situasjonen, og i all hovudsak levert på hovudmåla våre. I åra som kjem vil Kartverket måtte ta organisatoriske og digitale grep, for å kunne jobbe på ein smidigare måte internt, men også for å levere meir effektivt eksternt. Strategiarbeidet som ligg i støypeskeia, vil vere retningsgjevande for den spennande reisa som ligg framfor oss. Kartverket må ta ytterlegare grep for å syte for ein oppdatert, kvalitetssikra og lett tilgjengeleg geografisk infrastruktur, som grunnlag for ein datadriven økonomi. Dette er noko vi har byrja på i 2020, og som vi må jobbe vidare med i åra som kjem.

Hønefoss, 1. februar 2021

Johnny Welle

[1] «Nytteverdi av ny hydrografisk infrastruktur», ved Sopra Steria /2019Geovekst – etablert 1992 som eit samarbeid om felles etablering, forvaltning, drift, vedlikehald og bruk av geografisk informasjon. Partane gjennomfører bl.a. felles kartleggingsprosjekt gjennom samfinansiering.

DEL 2

## Introduksjon til verksemda og hovudtal

Frå sjø til land, frå det ytste verdsrommet til djupaste havbotnar. Kjerneoppgåvene for Kartverket kan oppsummerast i arbeidet vårt med stadfesta informasjon og data, slik dei kjem fram i kart, stadnamn, eigedomsgrenser og tinglyste rettar.

## Samfunnsoppdraget

Kartverket er eit direktorat underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Oppgåva er å avlaste departementet når det gjeld fagleg arbeid og gjennomføring av tiltak.

Som statleg forvaltningsorgan skal Kartverket, i samarbeid med kommunane og statlege etatar, forvalte og vidareutvikle infrastrukturen i landet for offentleg stadfesta informasjon. Kartverket samlar inn, systematiserer, forvaltar og vidareformidlar offentleg stadfesta informasjon.

**Hovudmålet er å syte for oppdatert kart- og eigedomsinformasjon som grunnlag for verdiskaping og utvikling.**

Dette inneber at Kartverket er nasjonal geodatakoordinator, kart-, tinglysing-, stadnamn-, sentral matrikkel- og sjøkartmyndigheit, og har ansvaret for å levere innanfor:



**Nasjonalt geodetisk grunnlag:**

Stadfestingsgrunnlaget som kart- og oppmålingsarbeidet i Noreg byggjer på.



**Posisjonstenester:**

Tenester som fastset nøyaktig, satellittbasert posisjon.



**Digitale kart:**

Produserer og forvaltar nasjonale digitale kartseriar (land- og sjøkart).



**Tinglysningsmyndigheit:**

Tinglysing i fast eigedom og delar i burettslag.



**Eigedomsinformasjon:**

Driftar dei nasjonale registera for offentleg eigedomsinformasjon (matrikkelen og grunnboka).



**Stadnamn:**

Forvaltar Sentralt stadnamnregister (SSR).



**Standardar:**

Nasjonale standardar for kart og geografisk informasjon.



**Elektronisk sjøkartteneste:**


Driftar den internasjonale elektroniske sjøkarttenesta Primar.

## Organisasjon og leiing

Kartverket har rundt 860 tilsette og er organisert i divisjonane geodesi, land, sjø og eigedom. I tillegg til desse fire divisjonane har vi tre andre resultateteiningar: IT, strategi og verksemdsstyring, og HR. Øvste leiar er frå 1. april Johnny Welle, som då avløyste Anne Cathrine Frøstrup som kartverkssjef.

Hovudkontoret for Kartverket er plassert på Hønefoss og i tillegg har vi 14 andre kontorstader, deriblant ti fylkeskartkontor, kundesenter i Ullensvang og jordobservatoriet i Ny-Ålesund.

I toppleiinga er det tilsett ny leiar for strategi og verksemdsstyring frå 15. april, og ny divisjonsdirektør for eigedomsdivisjonen frå 1. oktober.



Leiinga i Kartverket. Frå venstre: Olav Petter Aarrestad, Birte Noer Borrevik, Hans Petter Karlsen, Anita Horvei, Ole Magnus Grønli, Johnny Welle, Hannah Cook, Per Erik Opseth og Erik Perstuen.

## Presentasjon av utvalde hovudtal

### Nøkkeltal frå rekneskapan for dei siste tre åra

Tal i heile 1000 kr

NR.	SKILDRING	2020	2019	2018
1	Talet på tilsette	861	878	908
2	Talet på avtalte årsverk	819	828	853
3	Talet på utførte årsverk	767	769	793
4	Lønskostnader per utførte årsverk	810	809	784
5	Delen løn av driftskostnader	48,1 %	46,7 %	46,1 %
6	Sum driftskostnader	1 290 797	1 331 933	1 347 796
7	Sum driftsinntekter	1 291 114	1 332 163	1 346 595
8	Årleg disponibel utgiftsløyving (samla tildeling) (kapittel 595, post 01 og 21)	1 249 201	1 309 315	1 291 786
9	Utnyttingsgrad (kapittel 595, post 01 og 21)	99,8 %	99,4 %	95,5 %
10	Årlege inntekter (samla inntektskrav) (kapittel 3595, post 01, 02 og 03)	809 531	869 646	843 370
11	Innfridd inntektskrav (kapittel 3595, post 02 og 03)	108,2 %	102,6 %	101,0 %

#### Kommentarar til nøkkeltal:

1. Statistisk sentralbyrå (SSB) sin statistikk «12623: Ansatte i staten, etter enhet» er brukt som kjelde, jf. PM-2019-13, og rettleiing frå DFØ.

2. Statistisk sentralbyrå (SSB) sin statistikk «12623: Ansatte i staten, etter enhet» er brukt som kjelde, jf. PM-2019-13, og rettleiing frå DFØ.

Nærare forklaringar og meir detaljar om desse nøkkeltala finst i del 6.

### Presentasjon av volumtal for dei tre siste åra, status per 31.12.

NR.	SKILDRING	2020	2019	2018
1	Delen av fastlandsarealet dekt med detaljerte høgde- og terrengdata	86,8 %	71,5 %	56,0 %
2	Talet på cache-oppslag per år for kartdata (tal i milliardar)	12,8	10,9	8,7
3	Eigedomar med vegadresser (del i prosent av totalen)	97,0 %	96,0 %	94,0 %
4	Prosentvis del av panteboka som er digitalisert	93,4 %	91,0 %	88,4 %
5	Prosentvis del av dokument som blir tinglyste elektronisk	51,0 %	42,0 %	38,0 %
6	Prosentvis kor mykje av arealet langs norskekysten som er målt med moderne målemetodar	37,8 %	37,3 %	36,4 %

Dei fleste av desse volumtala er meir omtalte i del 3 i årsmeldinga.

### Oversikt over grunnlaget for sjølvkost for tinglysingsgebyr

I oversikta nedanfor har vi gjort ei samanstilling av alle direkte og indirekte kostnader og inntekter som er knytte til Kartverket si verksemd med innsamling, forvaltning og formidling av data knytt til grunnbok og matrikkel.

Hovudårsaka til differansen frå 2019 til 2020 er auka tal på rettsstiftingar og auka gebyrsatsar. Effekten av auka gebyrsatsar utgjer 33,5 mill. kr.

Tal i 1000 kr

KOSTNADER	2020	2019	2018
Tinglysing drift	257 311	248 616	241 520
Tinglysing utvikling	25 719	10 333	12 694
Matrikkel drift (forvaltning, brukarstøtte, avskrivningar med vidare)	54 160	41 299	48 905
Matrikkel utvikling (inkl. kommune- og regionreform)	28 192	34 128	30 441
Formidling av eigedomsdata - grunnbok	3 310	3 204	2 409
Formidling av eigedomsdata - matrikkel	3 891	3 767	2 832
<b>Sum kostnader</b>	<b>372 582</b>	<b>341 345</b>	<b>338 801</b>
INNTEKTER			
Sum gebyr	492 327	440 170	419 751
Formidlingsinntekter - grunnbok	8 044	8 142	8 165
Formidlingsinntekter - matrikkel	2 328	2362	2 358
Sum sal eigedomsdata	10 372	10 504	10 523
<b>Sum inntekter</b>	<b>502 699</b>	<b>450 674</b>	<b>430 274</b>
<b>Gebyrinntekter overstig berekna sjølvkost</b>	<b>130 117</b>	<b>109 329</b>	<b>91 473</b>

#### Merknader til tabellen:

- Tala er frå verksemdsrekneskapan og inkludert påslag for indirekte kostnader på løn.
- Portokostnader tinglysing som blir belasta avdeling fellestenesta, er inkludert i 2019-tala med 10,2 mill. kr og i 2020-tala med 8,6 mill. kr (utegløymt ved oppstillinga i 2018).
- Matrikkel drift: I 2018-rapporten er beløpet for høgt då det ved ein feil ikkje vart skilt ut arbeid som gjeld stadnamn og grenser. Dette utgjer 5,3 mill. kr.
- Tinglysing utvikling i 2019 og 2020 gjeld i all hovudsak prosjektet «Eigedomstenester».
- Matrikkel utvikling gjeld i all hovudsak tre prosjekt: «Kommune- og regionreforma», «Autorisasjon av landmålarar» og «Masterplan matrikkel».
- Gebyrinntektene er ein god del høgare i 2020 enn dei to føregåande åra. Sjå elles del 6 i årsrapporten.
- Tinglysing drift inkluderer reelt også Kartverket sine kostnader knytte til dokumentavgiftsforvaltninga. Vi kan ikkje skilje ut desse kostnadene i rekneskapan, men i samband med utgreiingsarbeidet om endringar i dokumentavgiftsforvaltninga i 2014, anslo ein Kartverket sine kostnader knytte til dette til om lag 3,5 mill. kroner. Dette er ikkje inkludert i tala over.
- Utvikling av matrikkel må sjåast i samheng med utvikling av tinglysing. Resultata er nærare skildra i del 3.



# Årets aktiviteter og resultat

## DEL 3

Året 2020 vart eitt annleisår. Like fullt har Kartverket, i tråd med tildelingsbrevet, prioritert og halde ved lag eit godt trykk på å digitalisere og effektivisere. Aktivitetane og resultatane våre speglar i stor grad kva som er forventa av oss. Jakta på eit betre handlingsrom og utvikling innanfor eigne økonomiske rammer, god ressursutnytting, brukarbehov og vinstrealisering vil følgje oss også i åra som kjem.

### Samla vurdering av prioriteringar, ressursbruk, resultat, måloppnåing

Året 2020 har vore eit spesielt år også for Kartverket, der pandemien, ny leiling, nye digitale løysingar, endra arbeidsrutinar og høgt aktivitetsnivå i eigedomsmarknaden har påverka sterkt korleis vi har løyst samfunnsoppdraget vårt. Dette har på nokre område medført forskuing av tidsplanar og omprioritering av enkelte oppgåver og ressursar.

Kartverket blir følgt opp på totalt ti styringsparametrar og 17 oppdrag, attåt sju konkrete føringar i tildelingsbrev for 2020. Vi har i all hovudsak levert på hovudmålet vårt og krava i tildelingsbrev.

Status på rapporteringspunkt frå tildelingsbrev og eventuelle andre brev frå eige og andre departement følgjer på sidane 14–22.

## Tilfredsstillande

## Mindre avvik

## Avvik

### Målområde 3.1: Forvalte den nasjonale infrastrukturen for kart- og egedomsinformasjon

#### Styringsparameter

Auke delen av fastlands-  
arealet dekt med detaljerte  
høgdedata, basert på laser-  
skanning og bilete-matching.



#### Status

Denne styringsparameteren peiker konkret på prosjektet Nasjonal detaljert høgdemodell (NDH). Delen av fastlandsarealet er no dekt med 86,8 prosent mot 71,5 prosent i 2019.

Drygt 282 000 km<sup>2</sup> av totalt 325 000 km<sup>2</sup> er no godkjent og tilgjengeleg i den nasjonale løysinga for forvaltning og distribusjon av høgdedata. Alt som vart laserskanna i 2020, blir tilgjengeleg i forvaltningsløysinga høgdedata.no i løpet av første kvartal 2021.

Attåt Kartverket, har Miljødirektoratet og Riksantikvaren i 2020 utarbeidd vinstrealiseringsplanar frå resultatane i prosjektet.

Det er gjennomført prisjusteringar for alle samarbeidspartar til NDH. Med unntak av Statens vegvesen har alle etatar/einingar betalt beløpet ein var samde om.

Nytt jordobservatorium skal  
ha drift på begge VLBI-  
antennene og drifta skal vere  
overført frå prosjekt til linje.



Ved jordobservatoriet i Ny-Ålesund havarerte den gamle antenna i oktober, og ho har vore ute av drift sidan, noko som har gått ut over leveransen til IVS (International VLBI Services).

Vi reknar med å vere tilbake i normal drift første kvartal 2021.

Første VLBI-antenne er overlevert. Andre antenne er forseinka som følge av pandemi-situasjonen. Kritisk hardware er levert, og blir installert i 2021.

Auka kvalitet og fullstendighet  
på matrikkelen og forsvarleg  
teknologisk nivå.



Prosjekt masterplan matrikkel er gjennomført etter plan. Det er etablert ei teknisk løysing for analyse over bruk av matrikkelen og levert utkast til datakvalitetsstrategi.

Det har vore gjort tekniske oppgraderingar og tryggleikstesting i matrikkelen, forbetring av systemet Marty, og feilrettingar og forbetringar av matrikkel API-ane.

Ved årsskiftet var delen vegadresser 97 prosent.

#### Oppdrag

1. Setje i verk tiltak som følgje  
av ny strategi for bygnings-  
delen av matrikkelen. Frist  
31.12.2020.



#### Status

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) avgjorde at det ikkje ville bli utarbeidd ein bygningsstrategi. Den 13. november fekk vi eit notat frå KMD for arbeidet vidare med bygningsdelen. I dette notatet får Kartverket i første omgang oppgåva med å følgje opp: «Tekniske tilpasningar i datamodellen, dataelementer og kodevalg». Kartverket er i gang med å følgje opp dette.

2. Etablere system som gjer  
det enklare å gjennomføre  
saumlaus kommunikasjon  
mellom matrikkelen og  
kommunen sine system. Frist  
31.12.2020.



Oppdraget gjeld korleis matrikkelen samspelet med FIKS-plattformen.

Versjon 3.16 (første tertial 2020) har etablert saumlaus kommunikasjon for nye bygg gjennom FIKS svar inn/svar ut.

Ny leveranse knytt til FIKS-plattformen (FIKS-IO) er utsett til 2021, då det ikkje er brukarar for valt teneste. Vi avventar potensielle brukarar.

Samla vurdering av måloppnåing delmål 3.1: Samla sett har vi ikkje full måloppnåing på dei styringsparametranne og oppdraga som sorterer under pkt. 3.1 «Forvalte den nasjonale infrastrukturen for kart- og egedomsinformasjon». Ein del av faktorane som har hindra god måloppnåing, er utanfor vår kontroll.

### Målområde 3.2: Koordinere samarbeid og samspel mellom aktørane i infrastrukturen

#### Styringsparameter

Gjennomføring av egne  
tiltak i samsvar med  
handlingsplan for nasjonal  
geodatastrategi, og  
oppfølging av andre tiltak.



#### Status

Kartverket sine egne tiltak i handlingsplanen blir følgde opp gjennom to hovudområde. Fleire av tiltaka som Kartverket står ansvarleg for, har hatt avgrensa framdrift i 2020.

Oppfølging av handlingsplan for geodatastrategi:

- Rapportar er leverte i samsvar med bestilling.
- Det er gjennomført fem møte i samordningsgruppa.

Fellestiltak som har noko å seie for Kartverket som fagorgan: Tiltak som har vore prioriterte i 2020 og som har hatt best måloppnåing er utarbeiding av brukerreisar for tiltak 16 – «Utnytte publikumsbasert datafangst» og utforming og oppfølging av tiltak 22 – «Legge til rette for bruk av 3D geodata».

Fleire tiltak, som masterplan matrikkel, Marine grunnkart i kystsona, DOK etc., er omtalte andre stader i denne delen av årsrapporten.

Sjømåling av dei viktigaste  
hamnene og farleiene i sam-  
arbeid med Kystverket.



Vi greidde ikkje å gje ut oppdaterte kart for alle områda vi hadde planlagt i 2020. Dette skriv seg hovudsakleg frå forseinkingar i produksjonen på grunn av nedstenginga i mars. Totalt har vi fått publisert 60 prosent av alle ENC og POD-kart. Seks av områda står att, og blir tekne med over til 2021. For tre av områda er kartredaksjonen i gang.

#### Oppdrag

3. Rask oppstart av pilot-  
prosjektet for utvikling av  
metode og kartlegging for Marine  
grunnkart i kystsona, medrekna  
å vareta ulike interessentar og  
synleggjere vinstar tidleg.  
Frist 01.10.2020.



#### Status

Prosjektorganisasjonen vart etablert tidleg på året i samsvar med plan. Stavanger kommune og Giske/Ålesund er ferdig oppmålt, og NGU og Havforskningsinstituttet (HI) har køyrt tokt.

På seinsommaren testa vi droneboren grøn laser på testefeltet på Fjøløy utanfor Stavanger. Det var veldig gode forhold for testing, så etter nokre mindre tekniske utfordringar med dronen, vart det samla inn ein god del data. Dataa vart mottekne rett før jul, og resultatane ser lovande ut. Ei grundig evaluering av dataa vil bli gjort tidleg i 2021.

Utvikling av tverrfagleg metodikk mellom deltakarane i piloten har starta. Dette er eit utviklingsløp som går over fleire år. Prosjektet er noko forseinka, og enkelte utbetalingar vart skuva til 2021 på grunn av for sein fakturering frå samarbeidspartnarar. Med tanke på at 2020 var eit utfordrande år, så er det likevel mykje som er oppnådd.

Vi har jobba tett med lokale referansegrupper, som representerer både offentlege og private kundar, gjennom året. Det er også etablert ei nasjonal referansegruppe som i hovudsak gjev innspel til planane våre for eit nasjonalt program.

I 2020 vart berre terrengmodellar gjorde tilgjengelege for kommunane. NGU vil publisere dei første sediment-karta sine tidleg i 2021. Det er derfor for tidleg å vise praktisk nytte og vinstar av produkta hos kommunar og andre alt i 2020.

Metier OEC er tildelt ansvaret for utarbeiding av samfunnsøkonomisk analyse.

4. Vere teknisk koordinator for  
dei kommunane, statlege  
aktørane og private aktørane  
som har behov for det i kjølvatnet  
av kommune- og regionreforma.  
Frist 29.02.2020.



Prosjekt kommune- og regionreformene er avslutta og sluttrapport frå teknisk koordinator er levert. Vidareføring av rolla som teknisk koordinator er avklart når det gjeld endringar som gjeld kommune- og regionstrukturen framover.



 **Tilfredsstillande**

 **Mindre avvik**


 **Avvik**

### Målområde 3.2 (framhald frå føregående side)

#### Oppdrag

5. Halde fram å prioritere sjøkartlegging rundt Svalbard. Utgreie eit forslag til revidert nasjonalbudsjett 2020 for ein omfattande innsats med sjøkartlegging og utbetring av sjøkart rundt Svalbard. Frist 19.02.2020.

6. Rapport om oppfølginga av eigne tiltak i handlingsplan for nasjonal geodatastrategi blir levert som ein del av årsrapport for 2019 og til 2. tertial 2020. Frist 15.03.2021

 Samla vurdering av måloppnåing delmål 3.2: Kartverket meiner vi totalt har god måloppnåing på dei styringsparametrane og oppdraga som sorterer under pkt. 3.2 «Koordinere samarbeid og samspel mellom aktørane i infrastrukturen». Når vi set gult, så er det med bakgrunn i at Kartverket har valt å nedprioritere enkelte aktivitetar på grunn av pandemisituasjonen, og fordi vi ikkje fekk høve til å innfri kravet om sjømåling på Svalbard.

#### Status

Det vart etter samtale med Sysselmannen ikkje gjennomført sjøkartlegging på Svalbard i 2020 på grunn av pandemi-situasjonen. Alle kart som var planlagt utjevne i juni 2020 er leverte.

Vi har no laga ein revidert plan for 2021.

Innspeil til revidert nasjonalbudsjett vart sendt over til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Der vart det laga eit kostnadsestimert for 2020 og dei påfølgjande tre åra for hovudprosessane vasstandsmåling, sjømåling, databehandling og kartproduksjon. Total kostnadsramme er 67,2 millionar kroner.

Oppfølging av eigne tiltak i handlingsplan for nasjonal geodatastrategi vart rapportert i samband med årsrapport for 2019, etter 2. tertial 2020 og innan fristen 15.03.2021 i eiga oversending.


### Målområde 3.3: Leggje til rette for auka bruk av kart- og eigedomsinformasjon

#### Styringsparameter

Auka bruk av sentrale løysingar som sentral felles kartdatabase (SFKB), Geonorge, dybdeedata.no og høydedata.no

#### Status

Det blir jobba målretta med å oppdatere data inn i SFKB frå flest mogleg kommunar. Av dei store kommunane manglar framleis Oslo og Trondheim. Utover kommunane har no NIBIO, fylkeskommunane (fylkesveg) og Vegvesenet (E-/R-vei) tilgang til å oppdatere direkte i SFKB.

 Geonorge er i 2020 vidareutvikla med hovudvekt på tilrettelegging av Mi side-løysinga for enklare arbeid hos dataeigarar og geodatakoordinator, og for samspelet mellom dei. I tillegg er det vigd mykje tid til å bli betre kjent med bruken av Geonorge hos dei store systemleverandørane.

Nytt og meir moderne oppdaterings-API for Havnedata (FKB-havn) er teke i bruk.

Ved utgangen av 2020 var dekninga av multistråledata i dybdeedata.no og Geonorge innanfor det norske ansvarsområdet 33,4 prosent.

### Målområde 3.3 (framhald frå føregående side)

#### Styringsparameter

Synleggjort bruk og verdi av data/tenester/oppgåver i andre sine verdikjeder (demonstratorar, gode brukarhistorier mv.)

Auka digitaliseringsgrad innanfor faglege system, leveransar og elektronisk tinglysing, og i tillegg administrative løysingar.

#### Oppdrag

7- Gjere data frå det offentlege kartgrunnlaget (DOK) tilgjengeleg, i samsvar med tiltaksplan og med auka kvalitet. Frist 31.12.2020.

8. Første versjon av eigedomsportalen er sett i drift. Frist 01.10.2020.




Samla vurdering av måloppnåing delmål 3.3: Samla sett har vi svært god måloppnåing på dei styringsparametrane og oppdraga som sorterer under pkt. 3.3 «Leggje til rette for auka bruk av kart- og eigedomsinformasjon».

#### Status

Vi har jobba bra med å synleggjere og setje første versjon av register for autoriserte landmålarar i produksjon.

Vi har hatt tett dialog med Advokatforeningen knytt til versjonsleveransar av eigedomsportal/-tenester.

Den nye kartappen «Hvor?» vart lansert 7. juli 2020. Løysinga gjev brukaren tilgang til nedlasta kartdata også i område utan mobildekning.

 Gjennom samarbeidet med mapant.no er nedlasting av store datamengder frå SFKB og Nasjonal detaljert høgdemodell (NDH) mykje forbetra, effektivisert og gjort tilgjengeleg.


Prosjektet med nye nettsider for Kartverket er ferdigstilt og avslutta.

Data frå Kartverket har gjeve grunnlag for nye innovative tenester frå private og offentlege samarbeidspartnarar som t.d. Seaber sin «sosiale båt-app», Kystverket sin «båtfart» og Grieg Connect sin «Digitale havneGEOdatabase».

Våre detaljerte djupnedata og S-102-terrengmodellen gjer simuleringar for større sjøtransport i hamner mogleg. Haugesund og Kristiansand hamn er gode døme på korleis produkta frå Kartverket gjev verdi i andre sine verdikjeder.


Innsende elektroniske rettsstiftingar utgjorde 51,4 prosent pr. 31.12.20.

Kartverket har teke i bruk Teams som verktøy og samtidig har vi gjennomført mange av kursa våre digitalt, som t.d. lov- og matrikkelføringskurs.


 Vi har sendt eit notat til KMD om juridiske spørsmål rundt pliktig digital innsending til tinglysing. Temaet vil bli teke opp på etatsmøtet i mars, der vi også vil kome innom økonomiske og tekniske sider ved dette. I samband med digital eigedomsandel har Kartverket stilt tenester i Altinn til disposisjon for brukarane sine, og laga ei oversikt over kven som er med i løysinga.

#### Status

På grunn av pandemi-situasjonen er dette området vorte lite prioritert i 2020.

 Det er den enkelte dataeigaren som er ansvarleg for å gjennomføre tiltaka. Mange gode tiltak er definerte, og ein del etatar arbeider aktivt med å betre kvaliteten.

75 prosent av DOK-datasetta er godkjende og tilgjengelege i Geonorge, og ytterlegare 10 prosent er i prosess.

 Første og andre versjon av eigedomsportal/-tenester er levert i september og november.

## Tilfredsstillande

## Mindre avvik

## Avvik

### Målområde 4: Vere eit kompetent og innovativt fagmiljø, både nasjonalt og internasjonalt

#### Styringsparameter

I samarbeid med departementet stø opp om arbeidet med gjennomføring av berekraftsmåla i FN.

Auka innovasjon, og styrkt samarbeid mellom offentlege og private aktørar. Dette inkluderer å skape økonomisk handlingsrom til dette i Kartverket.

#### Status

Det er levert innspel og døme på tiltak til regjeringa sin handlingsplan for berekraftsmåla.

Kartverket vidarefører implementering av Integrated Geospatial Information Framework (IGIF) i fire land med finansiering frå Utanriksdepartementet (UD). UN-GGIMs tiande sesjon vart gjennomført i august. Internasjonale tenester har saman med Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) følgd opp førebuingar og innmelding av intervensjonar frå Noreg. Viktig sak denne gongen var godkjenning av implementasjonsguide for IGIF, der vi hadde levert ei grundig tilbakemelding på den føregåande konsultasjonen. Kartverket og KMD samarbeidde om fire intervensjonar. Kartverket var ansvarleg for eit event under World Urban Forum i Abu Dhabi saman med UD og KMD. Det er framleis ønskeleg at det blir sett opp møte med toppleiinga i NORAD for informasjon om moglege bidrag til Kunnskapsbanken frå Kartverket.

Internasjonale tenester gjennomfører bistandsprosjekt som stø opp om berekraftsmåla med finansiering frå UD.

For å stø opp om berekraftsmål nr. 9 og 17 har geodesidivisjonen teke eit initiativ til samarbeid med offentlege og private partar. Dette for å bidra til auka bruk og innovasjon av posisjonstenester, og å sikre utbygging og drift av infrastruktur.

Jordobservatoriet i Ny-Ålesund bidreg inn i eit internasjonalt samarbeid med observasjonar for å sikre den globale referanseramma.

Det vart gjennomført ei kartlegging av Kartverket si innovasjonsevne med hjelp frå Innovasjonsverket våren 2020. Det overordna inntrykket var at viljen til å drive innovasjon er sterk (høge skår på kreativitet, kultur for å lage nye løysingar og sjå behov vi kan løyse). Derimot var det svakare på kjennskap til struktur og prosessar, erkjenning av å bruke for lite tid på behovsfase for løysingsutvikling, liten risikovilje for å «prøve og feile» og uvisse om prioriterte innovasjonsområde, og om vi får ut det vi treng.

FoU-samarbeidet Kartverket har med SINTEF, er styrkt gjennom tre prosjekt finansierte av Forskningsrådet og idear under utvikling. Prosjekta som er sette i gang, ligg innanfor bruk av stordata i kunstig intelligens på sjødata, og posisjonsteknologi og kartdata for ITS.

Vellykka uttesting av å levere posisjonstenester og detaljert kartgrunnlag (punktsky + vektorobjekt) til Ruter sine leverandørar av sjølvkjørande bussar legg grunnlag for vidare samarbeid med ITS-bransjen.

Data frå Kartverket har gjeve grunnlag for nye innovative tenester frå private og offentlege samarbeidspartnarar, som til dømes Seaber sin «sosiale båt-app», Kystverket sin «Båtfart», og Grieg Connect sin «Digital havneGEOdatabase».

Kartverket vart medlem i Nordic Edge-klyngja og United Future Lab Ålesund for å styrkje samarbeidet om innovativt bruk av geodata til berekraftig samfunnsplanlegging og verdiskaping.

Vi har sett i gang arbeid med ny strategi, og i den samanhengen vil vi vurdere kva for oppgåver og tenester som skal vidareførast, og kva for nokre som kan justerast for å oppnå måla i den nye strategien. Denne vurderinga, saman med auka fokus på digitalisering, vil bidra til å skape økonomisk handlingsrom.

### Målområde 4 (framhald frå føregåande side)

#### Oppdrag

9. Gjere nødvendige tilpassingar for å følgje opp endringar i matrikelforskrifta, medrekna å etablere autorisasjon av landmålarar. Frist 31.12.2020

10. Vurdere kva for oppgåver innanfor plan- og bygningslova som Kartverket skal ha ansvaret for, og setje i verk drift av eventuelle nye oppgåver. Det blir vist til eige brev frå KMD av primo januar 2020, som grunnlag for dette arbeidet. Frist 31.12.2020.

11. Følgje opp UN-GGIM og arbeidet i the subcommittee/ underkomiteen, spesielt for å bidra til betre internasjonale rammevilkår for mottak av VLBI-data. Frist 31.12.2020.

#### Status

Første versjon av tenesta «autorisasjon av landmålere» er etablert pr. 1.1. 2021.

Tre brukstilfelle for å endre festegrunn vart tilgjengeleg i 2020. Det fjerde brukstilfellet «Splitt festegrunn» vart tilgjengeleg 4. januar 2021. FIKS svar inn/ svar ut, er teke i bruk for to sakstypar i kartverksklienten.

Landdivisjonen sende 30. april over ei førebels tilbakemelding på brevet frå KMD som utgangspunkt for ein vidare diskusjon med Kartverket om etaten sine oppgåver etter plan- og bygningslova og relaterte oppgåver som Kartverket utfører for KMD. Dette vart følgd opp i eit møte med KMD 15. mai, og seinare drøfta på etatsmøtet i juni. Oppdatert instruks per 1. juli inneheld ein revidert tekst om ansvaret og oppgåvene Kartverket har på dette området. Vi opplever at dette framleis treng nærare oppfølging og tett dialog med KMD, jf. bl.a. tiltak fem i handlingsplan for geodatastrategien.

I 3. tertial har det ikkje vore særskilte møte mellom Kartverket og KMD som gjeld den vidare oppfølginga av oppgåvene Kartverket har. Det har likevel vore halde eit planfagleg møte med KMD, som eit ledd i den halvårlege oppfølginga Kartverket har med KMD som planmyndigheit.

Kartverket er no ein aktiv part i Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) sitt «Korona-prosjekt» som består av fleire delprosjekt. Prosjektet er svært kompetansebyggjande, og har også overføringsverdi mot andre fagområde med omsyn til GML-validering, 3D m.m.

Deltaking i desse delprosjekta har bidrege til nye utfordringar og nye oppgåver innanfor planområdet. Dette har medført at behovet for å setje i verk nye oppgåver for å utvikle planfeltet i Kartverket ikkje er like stort lenger. DiBK-prosjekta held fram inn i 2021.

Kartverket tilrår at den vidare prosessen med å utvikle ansvar og oppgåver innanfor verkeområdet for plan- og bygningslova inngår i den ordinære oppfølginga med KMD, innanfor høvesvis oppfølging av planområdet og det offentlege kartgrunnlaget (DOK). Kartverket reknar det som viktig å stø opp om økosystemet plan- og byggjesak. Det gode samarbeidet med KS og DiBK som sentrale aktørar, vil også påverke viktige samarbeidande aktivitetar og tiltak framover.

Arbeidet i UN-GGIM sin underkomité for geodesi har gjeve resultat. Etter oppfordring frå underkomiteen har Tyskland søkt om å få etablere eit globalt geodetisk centre of excellence i Tysklands FN-senter i Bonn. Avtalen om å få dette senteret på plass er signert, og det er planlagt oppstart i 2021.

Samla vurdering av måloppnåing delmål 3.4: Når vi vurderer måla i pkt. 3.4. «Vere eit kompetent og innovativt fagmiljø, både nasjonalt og internasjonalt» under eitt, meiner vi at Kartverket har svært god måloppnåing.

## Tilfredsstillande

## Mindre avvik

## Avvik

### Tillegg til tildelingsbrev og andre brev

Oppdrag	Status
12. Handlingsplan for universell utforming. Frist 15.02.2021.	Samla fagleg sluttrapport er levert innan fristen. Vidareføring av prosjektet med kartlegging av uteområde: 16 kommunar, seks friluftsråd og to fylkeskommunar har kartlagt uteområda sine. Bortsett frå eitt friluftsråd har alle slutført og rapportert sitt prosjekt til slutten av 2020. Trondheim tok politisk vedtak om å kartleggje heile byen i framtida pga. nytteverdien for vidare planlegging i byen. Drift og vidareutvikling av datasett «tilgjengelighet for uteområder»: Dessverre har pandemi-situasjonen ført til fleire forseinkingar. Testinga så langt har vist god funksjonalitet både for APP og API. Formidling av metodikken er ein viktig del av oppdraget: Kartverket har delteke ved ei rekkje webinar og har presentert arbeidet på samlingar i regi av KS i september/oktober.
13. Følgje opp arbeidet med mogleg overføring av drift av målebåtane og MS Hydrograf til Havforskningsinstituttet. KMD og NFD ber Kartverket og HI å utarbeide eitt utkast til ein avtale med plan for implementering av overtaking av drift av Hydrograf, som blir lagt fram for departementa innan 28. mai. Vidare bør Kartverket avklare situasjonen for målebåten Anda med Kystverket.	Forslag til avtale om reiarlagsdrift mellom Kartverket og Havforskningsinstituttet vart overlevert departementet som planlagt i mai. KMD har gjeve klarsignal, og vi ventar på at Næring- og Fiskeridepartementet (NFD) skal gjere det same. Det er utarbeidd ein implementeringsplan for overføringa. Denne vil følgjast opp av ny, mellombels reiar som blir tilsett i januar 2021. Overføringa er planlagt sett i verk frå 1. januar 2022. Situasjonen for målebåten Anda er ikkje avklart med Kystverket.
14. Revidert nasjonalbudsjett: Tiltak retta mot kyst og hamner på grunn av korona (12 MNOK) 3 MNOK prosessere innsamla data 4 MNOK leggje til rette for oppmåling av hamner 3 MNOK etablere korrekt info om hamner 2 MNOK kampanje om sjøtryggleik Frist 31.12.2020.	<b>Prosessering:</b> Det er i løpet av tredje tertial henta inn totalt fem konsulentar for å auke prosesseringskapasiteten. Tre av konsulentane byrja ikkje før i oktober og november, noko som kjem av prosessen rundt tryggleiksklarering. Avgrensingar i kontorkapasitet på lukka nett har også gjort at det ikkje har vore mogleg å hente inn fleire konsulentar. <b>Sjømåling av hamner:</b> Kontraktane for ti utvalde område er inngått, og data har byrja å kome til kontoret. Data frå Hammerfest og Honningsvåg vart levert i slutten av desember. Alle kontraktane på sjømåling vart inngått i 3. tertial. Av praktiske årsaker har det ikkje vore mogleg for leverandørane å gjennomføre all aktivitet i 2020. Noko av sjømålinga vil derfor utførast i første halvår 2021. Midlane er såleis forplikta, og vil kome norsk industri til gode. <b>Sjøkartkampanjen:</b> Arbeidet med kampanjen er godt i gang i 2020. Sjøkartkonferansen vart gjennomført som ein del av kampanjen i november. Utarbeiding av konsept og noko innhaldsproduksjon er sett i gang i 2020. For å nå ut til målgruppa best mogleg, vil kampanjen bli gjennomført vår/sommar 2021.

Oppdrag	Status
15. Revidert nasjonalbudsjett: Framskunding av høgdemodellen (13 MNOK). Frist 31.12.2020.	<b>Hamnedata:</b> Prosjektet er gjennomført i samsvar med prosjektplan. Det er utarbeidd registreringsinstruks for hamnedata, gjennomført kartlegging i 17 hamner, og laga plug-in i QGIS for direkte oppdatering av hamnedata i SFKB. Det er også laga felles innsynstjenester og nedlastingstjenester frå nasjonal base. I tillegg er det jobba mykje med infrastruktur og standardisering i prosjektet. Fire eksterne anskaffingar vart lyste ut, der siste tildeling vart gjort i oktober. Samla er det køyrt anskaffingar i prosjektet på litt i overkant av 3 millionar kroner. Infrastruktur og standard for hamnedata er no på plass. Det er også laga system som gjer det mogleg med forvaltning og ajourføring av hamnedata direkte frå dei enkelte hamnene, etter same prinsipp som for andre basis kartdata (FKB). Hamnedataa er etterspurde av mange ulike brukarar, og det er no ønske frå mange partar om ei vidareføring av kartlegginga.
16. Vidareutvikle digitalisering av Den norske los (3 MNOK). Frist 31.12.2020.	Midlane har bidrege til raskare ferdigstilling av prosjektet. Midlane er i heilskap nytta til raskare skanning og å gjere data tilgjengeleg til nytte for brukarane. Sjå elles omtale under styringsparameter «Auke delen av fastlandsarealet dekt med detaljerte høgdedata, basert på laserskanning og bilet-matching.»
17. Kursing av kommunane i digitale planregister. Frist 31.12.2020.	Eksisterande vektorkartløsning er utvida slik at ho no også dekkjer Svalbard. Databasen til farvasskildringa Den norske los er ikkje konvertert for å bli kompatibel med S-100, men det er utført ein gap-analyse. Symbol til bruk i kartet er digitalisert i samsvar med plan. Grunnlaget for avgjerd om vidareutvikling er levert. Det er ikkje teke noka endeleg avgjerd om vegen vidare. Det svært gode resultatet med tanke på deltaking, reflekterer behovet for kursing innanfor dette området. 178 kommunar har delteke på kurs. 15 kurs vart gjennomførte som dags-webinar, fordelt på tre systemleverandørar. Det er den praktiske delen med korleis forvalte plandata i GIS-systemet som er gjennomført. Teoridelen om å etablere gode løpande rutinar for planforvaltning, er utsett til våren 2021.

## Tilfredsstillande

## Mindre avvik

## Avvik

Vidare har vi status for gjeldande føringar jf.

### Pkt. 4. ANDRE FØRESETNADER OG KRAV, og punkt 5. BUDSJETTILDELINGAR i tildelingsbrevet

#### Føring

4.1 Kartverket skal arbeide for å utvikle rutinar og arbeidsformer for å nå måla for inkluderingsdugnaden til regjeringa. Kartverket skal i årsrapporten gjere greie for korleis rekrutteringsarbeidet har vore innretta for å nå målet om 5 prosent.



4.2 Rapportere om informasjons-tryggleik



4.3 Ei kortfatta og overordna kartlegging av risiko og sårbarheit (ROS-analyse) på eige ansvarsområde blir send over til departementet innan same frist som årsrapporten.



4.4 Digitaliseringsstrategi: Kartverket må vere førebudd på å hjelpe/delta mv.



5.1 Innsatsen på utviklingsarbeid knytt til matrikkelen skal aukast med tilsvarande 30 MNOK frå 2019 til 2020.



Rapportering av status på kritiske samfunnsfunksjonar.



Kartverket skal bruke Statsbygg som rådgjevar ved inngåing av leigekontraktar frå 1. mars 2020 og tre år framover.



#### Status

Statusrapport med handlingsplan vart send til departementet primo desember. Sjå elles del 4 i årsrapporten.

Kartverket har i 2020 framleis arbeidd med å auke det generelle tryggleiksnivået. Arbeidet er organisert i eit eige prosjekt, Sikkerhet 2021. Tryggleiksambisjonen er framleis å oppnå NIST sitt nivå fire innan utgangen av 2021.

På oppdrag frå Kartverket har Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM) utført tryggleikstesting av Kartverket sin infrastruktur i 2020. Resultata frå testen blir vurderte saman med vidare arbeid med tryggleikskontrollane i prosjekt Sikkerhet 2021. Sjå elles del 4 i årsrapporten.

Sjå eige vedlegg til årsrapport.

Vi har starta arbeidet med «Oppgjør etter dødsfall (OED)» eit prosjekt i DSOP-samarbeidet der grunnboka inngår. Det skal opprettast ein portal der etterlatne får full oversikt over aktiva den avdøde hadde. (DSOP er eit avtalt offentleg og privat samarbeid med mål om auka digitalisering i samfunnet).

Sjå styringsparameter «Auka kvalitet og fullstendigheit på matrikkelen og forsvarleg teknologisk nivå».

Sjå også del 6 i årsrapporten, årsrekneskapen.

Det har vore jamleg rapportering der vi gjennomgåande har rapportert grønt på alle dei tre samfunnskritiske områda våre.

Vi har ingen planar om å inngå leigekontraktar med ein slik storleik, 30 MNOK eller meir.



↑ Det geodetiske observatoriet vårt i Ny-Ålesund på Svalbard har ei nøkkelrolle i arbeidet med referanserammer og det globale samarbeidet om overvåkinga av jordkloden.

## Utnyttingsgrad og meir-/mindreforbruk i 2020

Kartverket fører rekneskap etter to prinsipp, kontant- og periodisert prinsipp (verksemdsrekneskap etter statlege rekneskapsstandardar - SRS).

Kartverket si løyving til ordinær drift, inkludert lønsutgifter, er gjeven på kapittel 595, post 01. Løyvinga gjeven på kapittel 595, post 21 har dekt utgifter til tidsavgrensande prosjekt og andre aktivitetar knytt til inntektssida. Løyvinga gjeven på kapittel 595, post 01 kan også nyttast på post 21, og omvendt.

Kartverket har i 2020 hatt fullmakt til å overføre mellom postane 01, 21 og 45. Vidare har Kartverket ei meirinntektsfullmakt, som gjev fullmakt til å overskride driftsløyvinga under kapittel 595, postane 01 og 21 mot tilsvarande meirinntekter på kapittel 3595, postane 02 og 03. Kartverket har i 2020 hatt stor merksemd på økonomi og verksemdsstyring. Totalt hadde vi eit netto mindreforbruk på kapittel 595, postane 01 og 21, og kapittel 3595, postane 02 og 03, sjå del 6. Underforbruket er på 28,4 MNOK, som utgjør 2,3 prosent av den totale ramma som er tildelt.

Kartverket har ikkje hatt utgiftsramme på kapittel 595, post 45 i 2020.

Vi har følgjande utnyttingsgrad på utgiftspostane:


POST	FORKLARING	UTNYTTINGS-GRAD I 2020	UTNYTTINGS-GRAD I 2019
01	Driftsutgifter	98,4 %	99,4 %
21	Spesielle driftsutgifter	104,0 %	99,5 %
30	Jordobservatoriet Ny-Ålesund	29,6 %	24,3 %

Kartverket har meirinntektsfullmakt på kapittel 3595, postane 02 og 03. Det vil seie at Kartverket kan overskride driftsløyvinga under kapittel 595, postane 01 og 21 mot tilsvarande meirinntekter på nemnde kapittel postar.

Vi har følgjande innfridde krav på inntektspostane:

KAPITTEL / POST	FORKLARING	INNFRIDD INNTEKTS-KRAV 2020	INNFRIDD INNTEKTS-KRAV 2019
3595 / 01	Gebyrinntekter tinglysing	108,8 %	103,7 %
3595 / 02	Sal og abonnement m.m.	121,9 %	105,2 %
3595 / 03	Samfinansiering	97,1 %	99,4 %

Investeringar utbetalte i 2020:  
Tal i 1 000 kroner:



Investeringane i 2020 er på 80,6 MNOK mot 97,6 MNOK i 2019. Den største endringa er mindre investeringar knytte til datamaskiner, då vi hadde store utskiftingar av datamaskiner i 2019 i tilknytning til tryggleik.

## Kjøp av eksterne tenester


I 2020 har Kartverket utbetalt 105,5 MNOK til eksterne tenester (kontogruppe 67), mot 91,7 MNOK i 2019.

Kartverket er avhengig av å kjøpe eksterne tenester, både til utvikling og driftsoppgåver.

Vi nyttar eksterne konsulentar blant anna til vidareutvikling av kompetansen i organisasjonen.

IKT-området krev stadig meir ressursar, og Kartverket jobbar kontinuerleg med å finne riktig balanse mellom internt tilsette og kjøp av eksterne tenester.


Delen av driftskostnader i Kartverket fordeler seg på følgjande måte mellom resultateiningane:



Driftskostnader viser dei faktiske kostnadene Kartverket har, inkludert påkomne kostnader i rekneskapsåret.

Driftskostnadene er reduserte med 41,1 MNOK frå 2019 til 2020, som er ein nedgang på tre prosent.

Elles viser vi til del 6 i årsrapporten.



↑ Klosterøy-Fjøløy er testfelt for utprøving av måleutstyr på grunt vann i pilotprosjektet Marine grunnkart i kystsonen. Dette er et område med stor variasjon i bunntyper og marin vegetasjon.


## Ei samla vurdering av måloppnåing i høve til samfunnsoppdraget og rekneskapsresultatet totalt.

Kartverket har eitt hovudmål: Å syte for oppdatert kart- og egedomsinformasjon som grunnlag for verdiskaping og utvikling. I tillegg har vi ei overordna føring i tildelingsbrevet om å prioritere digitalisering og effektivisering, med sikte på å levere betre tenester og skaffe handlingsrom for vidare utvikling innanfor egne rammer.

Pandemi-situasjonen har vore utfordrande for Kartverket. Samtidig har dette medført positive effektar i form av at vi har heva den digitale kompetansen vår og evna til å vere løysingsorientert. Medarbeidarane har vist stor endringsevne og raskt klart å tilpasse seg tilværet med arbeid heimanfrå. Leiarane i Kartverket har meistra denne situasjonen på ein god måte, trass i at store delar av oppfølginga har måtta gå føre seg digitalt. Dei har også evna å prioritere dei viktigaste arbeidsoppgåvene, og saman med ei effektivisering og digitalisering av både drifts- og utviklingsoppgåver, har vi i all hovudsak levert på vårt samfunnsoppdrag også i dette annleisåret.

Vi ser at dette året også har bidrege til at fagområda har etablert eit auka samarbeid på tvers i organisasjonen, og at denne styrkte tverrfaglege samhandlinga legg eit godt grunnlag for framtida. Året har derfor, trass i pandemi-tiltaka, gjeve auka digital kompetanse, auka endringsevne, betre tverrfagleg samhandling og utvikla leiarane. Alle desse forholda har gjeve mykje god læring som vil kome godt med på vege vidare.

↓ Det har vore ein god sesong for laser-skanning i 2020. Det aller meste av fastlands-arealet er no dekt med detaljerte høgdedata. Hardangerjøkulen er blant breane som vart skanna i 2020.  
↓ Illustrasjon: hoydedata.no



↓ Kartverkssjef Johnny Welle mottok prisen «National Geospatial Agency of The Year» då Geospatial World Awards vart halde digitalt 6. oktober 2020.  
↓ Foto: Ole Magnus Grønli



# Glimt frå 2020



NOREG I 2020



Kartverket koordinerte  
samanslåingane



Lansering av N100 kartdata.  
Det nye datasettet er etterspurt  
av brukarar og kartprodusentar.




Kåra til  
Verdas beste  
kartverk 2020.  
Prisen blir delt ut av  
Geopatial Media.



Riksgrensa  
mellom Noreg  
og Sverige er  
**1630**  
kilometer lang

Det er over 30 år sidan sist vi  
målte opp grensa.  
Arbeidet skal vere ferdig i 2024.

**20 000**  
nye fylkeskart  
blir trykte og  
distribuerte ut.



Nye  
**kartverket.no**  
No også  
med digitale  
eigedomstenester.

**DYBDEDATA.NO** ser  
dagens lys. Sikrar  
berekraftig kunnskap om  
hav- og kystområda våre.

**HØGDEDATA**  
Nasjonal detaljert  
høgdemodell gjev  
detaljerte høgdedata for  
heile landet.



**56 481** brukarar av  
den nye «Hvor»-appen,  
som vart lansert i vår.

**1,8** millionar rettsstiftingar.  
**= 5%** auke frå 2019.

#### DEL 4

## Styring og kontroll i verksemda

Kartverket har god styring og kontroll. Dette har vi jobba systematisk og grundig for i ei årrekkje, for å tydeleggjere roller og ansvar. Det vil alltid vere rom for forbetringar, og Kartverket jobbar kontinuerleg for effektiv drift med gode system og rutinar i botnen.



Kartverket har eit stort mangfald blant sine medarbeidarar og har tilsette frå 30 ulike land. Foto: Morten Brun

## Utgreiing om vesentlege forhold eller endringar ved planlegging, gjennomføring og oppfølging i Kartverket

Trass i pandemi-situasjonen har vi i all hovudsak levert på hovudmåla våre, som skildra i del 3.

I tildelingsbrevet vårt er det krav til fleirårige planar. Kartverket har ein gjeldande, overordna strategi. Den årlege verksemda til Kartverket byggjer på denne strategien, og på tildelingsbrevet frå vårt departement. Kartverket er også underlagt regelverket for økonomistyring i staten. Det er derfor viktig å sjå til at system og rutinar er etablert, slik at vi kan nå våre fastsette mål på ein mest mogleg effektiv måte, medrekna nødvendig bruk av risikostyring og intern kontroll.

### Ny økonomi- og verksemdsinstruks

1. juli 2020 fekk Kartverket ny økonomi- og verksemdsinstruks frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Med bakgrunn i denne instruksjonen utarbeidde Kartverket sin nye interne økonomi- og verksemdsinstruks for å gjere roller og ansvar i Kartverket tydelegare. Denne vart godkjend av kartverkssjefen i oktober.

### Etatsmøte

Det har vore tre ordinære etatsstyringsmøte med gjennomgang av årsrapport og tertialrapportar, i tillegg til møte av meir fagleg karakter.

### Pandemi

Kartverket har tre samfunnskritiske funksjonar: Posisjonstenester (grunndata og CPOS), matrikkel og tinglysing. Vi har levert som forventa på alle desse tre områda. For å utføre desse samfunnskritiske funksjonane må om lag 30 prosent av våre tilsette vere fysisk til stades i lokala våre.

Kartverket har i 2020 hatt fire tilsette med påvist smitte. Alle tilfella var relaterte til aktivitetar etter arbeidstid.

Gjennom heile pandemiperioden har vi regelmessig gjennomført beredskapsmøte. Med bakgrunn i dei erfaringane som er gjorde, har vi oppdatert risiko- og sårbarheitsplanane våre. Det er også utarbeidd kontinuitetsplanar.

### Risikostyring

Risikostyring brukast som verktøy i Kartverket si oppfølging av måla for tildelingsbrevet og for utvalde interne mål og prosjekt. Risikovurderinga av prosjekt skjer på månedleg basis, medan mål risikovurderast kvart tertial. I tillegg blir det gjennomført årlege risiko- og sårbarheitsanalysar for alle systema våre.

### Intern styring og kontroll

Kartverket har over tid sett behov for å få på plass eit einiskapleg og heilskapleg system for internkontroll.

Gjennomsnittsalderen i Kartverket

2020 **48.1**

2018 **47.6** | 2019 **47.8**

Medarbeidarar med bakgrunn frå 30 nasjonar

Låg gjennomstrøyming i Kartverket

2020 **5,5 %**

2018 **6 %** | 2019 **5,1 %**

Sjølv om vi fekk ei umodifisert revisjonsmelding for rekneskapsåret 2019, har Riksrevisjonen også peika på denne mangelen.

Med bakgrunn i dette har Kartverket i 2020 prioritert å vidareutvikle systemet vårt for styring og kontroll. Blant anna er det starta opp eit arbeid for å effektivisere og forenkle prosessar innanfor styring og rapportering. I 2020 har vi prioritert å få på plass nøkkelkontrollar og dokumentasjonsystem på fire område der vi meiner å ha høgast risiko, og som Riksrevisjonen hadde kommentarar til: Anskaffingar, avstemming/periodeavslutning, tilgangskontrollar, og i tillegg reiserekningar og utlegg.

Vidare er det i 2020 etablert ein funksjon som skal ha eit overordna ansvar for internkontroll og risikostyring i Kartverket.

Leiinga har gjennomført «ledelsens gjennomgang» i 2020, og den vil frå neste år bli inkludert i det heilskaplege internkontrollsystemet til Kartverket.

Kartverket har eigne prosedyrar for intern revisjon. Det blir årleg utarbeidd eit internt revisjonsprogram som leiargruppa godkjenner i det første leiarmøtet for året. I 2020 vart det planlagt elleve revisjonar. På grunn av pandemi-situasjonen måtte fleire av dei planlagde revisjonane utsettast til 2021. Det vart totalt gjennomført fire revisjonar. Funn i revisjonane vil bli følgt opp i linja.

### Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjon

Som omtalt i del 2 har det vore endringar i toppleiinga i Kartverket.

Organisatoriske endringar er gjennomført i IT, sjødivisjonen og kommunikasjons- og formidlingsområda. Teamorganisering skal no vere den føretrekte samarbeidsforma for utviklingsaktivitetar framover, og også innanfor andre område der vi ser at teamorganisering kan vere føremåls-tenleg.

Det er utarbeidd ein ny lokal lønspolitikk for Kartverket. Dei viktigaste endringane er innføring av meir systematiske karriereveggar, tydelegare individuelle kriterium, og at verkemiddel og moglegheitsrom er presiserte.

Vi har vidare laga ein modell for å kartleggje lønsdanninga i Kartverket. Denne viser at lønsveksten i dei to hovudtariff-avtalane har vore om lag like høg gjennom 2020.

Vi har ein stor del faste kostnader, der lønskostnaden er den største enkeltposten. Kartverket har derfor sett det nødvendig å ha ei sterk styring av utviklinga i talet på årsverk. Tilsetjingsstopp vart innført i 2018, og vart vidareført i 2020. I tillegg vart særavtalen om unntak frå statstilsettelova også vidareført i 2020. Tiltaket har ført til auka intern mobilitet.

Kartverket har eit stort tilfang på søkjarar til ledige stillingar. Dette gjeld både fag- og leiarstillingar. Vi har medarbeidarar med bakgrunn frå 30 nasjonar, same talet som i 2019, fordelt på land frå heile verda. Til saman har vi 74 medarbeidarar med utanlandsk opphav, mot 80 i 2019, av desse 30 personar med ikkje-vestleg bakgrunn (frå 18 forskjellige land). Vi opplever ei stor interesse for fagområda våre, og vurderer at Kartverket er ein attraktiv arbeidsplass, også sett frå eit internasjonalt perspektiv. Vi merkar likevel ein stadig større konkurranse frå privat sektor.

Gjennomsnittsalderen i Kartverket er 48,1 år ved utgangen av 2020. Dette er ein liten auke frå førre år. Ein indikator på ein god seniorpolitikk er tal frå Statens Pensjonskasse, som viser at Kartverket har ein høgare gjennomsnittleg avgangs- alder samanlikna med andre offentlege verksemdar.

Kartverket har over lang tid hatt ei låg gjennomstrøyming, som blant anna kjem av dei spesielle fagområda våre og det gode omdømet vårt. Dette trass i at vi innførte tilsetjingsstopp i 2018, noko som naturleg kunne ført til at ein del av dei tilsette hadde valt å byte jobb. I 2020 var gjennomstrøyminga vår på 5,5 prosent.


Kapasiteten i organisasjonen er tilfredsstillande, blant anna fordi vi reiser mindre, og fordi vi kontinuerleg jobbar med å utvikle nye digitale løysingar. Mange av kursa våre, spesielt matrikkelkurs, blir no gjennomførte digitalt. Tilbakemeldingane viser at brukarane er godt nøgde med dei nye løysingane. Kartverket har dekkjande kompetanse knytt til dagens oppgåver, men vi ser at det i tida framover er behov for auka kompetanse innanfor innovasjon, teamorganisering, digital transformasjon og endringsleiing. Strategisk kompetanse-kartlegging er dei siste åra teke i bruk som eit verktøy for å avdekkje nye behov og kritisk kompetanse.



Georg er gjennomgangsfigur og maskot for arbeidet med prosjektet Sikkerhet 2021.  
Illustrasjon: Transform Learning



Kartverket si medarbeidarundersøking viser at tilsette trivst bra og har eit godt arbeidsmiljø.  
Foto: Morten Brun



### Prosjekt og igangsette tiltak knytte til Kartverket sine system

Vi styrer og følgjer systematisk opp dei viktigaste prosjekta våre gjennom månadlege avrapporteringar. Ved utgangen av 2020 hadde Kartverket totalt elleve aktive prosjekt, i tillegg til fire prosjekt som vart ferdigstilte i løpet av året.

Prosjekt Sikkerhet 2021 er eit prosjekt som vedkjem alle systema Kartverket har.

Det omfattar aktivitetar som gjeld dokumentasjon, risikostyring, tryggleikskultur og opplæring, system- og applikasjonsstryggleik, nettverkstryggleik, tilgangsstyring, og å oppdage og respondere på avvik. Dei fleste aktivitetane er i samsvar med prosjektplanane. Sikkerhet 2021 har som mål å gå frå prosjekt til drift i løpet av 2021.

### Arbeid med informasjonstryggleik

Kartverket har i 2020 framleis arbeidd med å auke det generelle tryggleiksnivået. Arbeidet er organisert i eit eige prosjekt Sikkerhet 2021. Tryggleiksambisjonen er framleis å oppnå NIST (National Institute of Standards and Technology) nivå 4 innan utgangen av 2021.

På oppdrag frå Kartverket har Nasjonal tryggleiksmyndigheit (NSM) utført tryggleikstesting av Kartverket sin infrastruktur i 2020. Resultata frå testen blir vurderte saman med vidare arbeid med tryggleikskontrollane i prosjekt Sikkerhet 2021.

Prosjekt Sikkerhet 2021 har også hatt merksemd på kultur og tilgangsstyring. Endeleg resultat vart overlevert i september. Leveransane var som følgjer:

- Utarbeidde ein plan for tryggleiksbevisstkampanje
- Gjennomført ein 12-månaders tryggleiksbevisstkampanje i samsvar med plan
- Definert rollebasert opplæringsbehov
- Eit opplæringsprogram er påbyrja

Som ei følgje av at medarbeidarar får tilgang til Kartverket sin informasjon og verdier, vil dei i eit personelltryggleiksmessig perspektiv alltid kunne utgjere ein risiko. Kartverket har derfor etablert rammer som reduserer risikoen for innsiderveksemd, aukar det tryggleiksmessige medvitte hos medarbeidarane og kunnskap om tryggleik.

Igangsette tiltak:

- Bakgrunnssjekk ved rekruttering
- Gjennomgang av tilgangsrettar
- Obligatoriske introduksjonskurs for nyttilsette, som skildrar rutine og retningslinjene våre

I tillegg vart det i starten av året gjennomført ei phishing-øving. Vi har også gjennomført ei øving på delen av beredskapsplanen som gjeld pandemi. Kartlegging av avhengnader er gjennomført i samband med ROS-analysane for dei skjermingsverdige objekta våre.

### Forvaltning av egne eiendelar (materielle verdier) og innkjøpsrutinar

Kartverket har eit eige anleggsregister som er integrert i forretningsystemet vårt, Unit4 ERP/Agresso. Vi har omfattande innkjøpsrutinar, og i 2020 har vi ytterlegare forbetra desse prosedyrane, blant anna knytt til internkontroll for anskaffingsområdet.

### Oppfølging av ev. avdekt vesentleg styringssvikt/feil/manglar/utfordringar, medrekna merknader frå Riksrevisjonen

Kartverket fekk ei umodifisert revisjonsmelding for rekneskopen for 2019. Kommentrar som er gjevne frå Riksrevisjonen gjeld området internkontroll, sjå omtale under avsnitt «internkontroll» i denne delen.

Det har vore éi cyber-tryggleikshending i 2020, men denne fekk ingen kjende konsekvensar for Kartverket.

### Oppfølging av evalueringar, tilsynsrapportar og pålegg frå tilsynsmyndigheiter

Kartverket bruker evalueringar systematisk som del av verksemdsstyringa. Kartverket nyttar ofte brukarundersøkingar når effekt av prosjekt/aktivitetar skal evaluerast. I 2020 er det gjennomført ei rekkje interne analysar, brukarundersøkingar og evalueringar. Dette blir ofte gjort som ein del av ordinær verksemdsstyring.

I Kartverket sin interne verksemds- og økonomiinstruks er det valt ein relativt vid definisjon av «evalueringar». Ofte vil leveransar som blir kalla utgreiing, gjennomgang, analyse, kartlegging, undersøking, revisjonar og brukarundersøkingar passe i definisjonen av «evalueringar». I år er det gjennomført totalt 15 evalueringar/spørjeundersøkingar.

Av dei litt større og meir vesentlege evalueringane vil vi trekke fram følgjande:

### Modningsvurdering i samband med produktteam

Det vart gjennomført ein modningsanalyse på Kartverket sine kapabilitetar knytte til softwareutvikling. Analysen var basert på ei utsend spørjeundersøking laga av Sopra Steria, og ho tok også føre seg kor smidig Kartverket er som organisasjon. Ca. 100 personar fekk spørjeundersøkinga.

### Brukarundersøking Geonorge

Hausten 2020 var det gjennomført ei brukarundersøking på Geonorge. Undersøkinga var delt i tre:

- Pop-up undersøking på geonorge.no
- Overvaka seansar der utvalde eksterne brukarar gjennomførte definerte oppgåver
- Fokusgrupper på to fylkeskartkontor, der inviterte eksterne brukarar gjennomførte oppgåver i plenum og gav tilbakemelding på løysingar.

Undersøking om arbeidssituasjonen frå mars til juni 2020. Med bakgrunn i pandemisituasjonen, utstrekt bruk av kontor heime for store delar av Kartverket, og innføring av skiftordning i tinglysinga i eigeomsdivisjonen, ønskte vi å gjennomføre ei undersøking om arbeidssituasjonen. Undersøkinga vart sendt 987 medarbeidarar i Kartverket.

### Marknadsundersøking knytt til Nautilus

I samanheng med Nautilus-prosjektet vart det gjennomført ei marknadsundersøking der leverandørar vart inviterte til å presentere løysingane sine på problemstillinga sjødivisjonen forsøker å løyse med ny teknologi. Alt i alt vart det gjennomført presentasjonar frå sju ulike leverandørar.

### Kor robuste er grunndata og posisjonstenester

I samarbeid med Metier har vi evaluert kor robuste grunndataa og posisjonstenestene våre er.

### Innovasjonsevne – kartlegging og handlingsplan

Med hjelp frå Innovasjonsverket i Viken vart det gjennomført ei kartlegging av innovasjonsevna i Kartverket våren 2020. 312 tilsette svara på undersøkinga, som omfatta eit breitt spekter av spørsmål som gjev grunnlag for å belyse innovasjonsevna ei verksemd har.

### Tilsynsrapportar

Vi har ikkje fått nokon tilsynsrapportar eller pålegg frå tilsynsstyresmakter i 2020.

## Rapportering på vesentlege forhold knytte til personalmessige forhold, likestilling og diskriminering, bruk av lærlingar, HMS/arbeidsmiljø, ytre miljø og liknande

### HMS/arbeidsmiljø

Kartverket gjennomfører ei medarbeidarundersøking anna kvart år. I 2020 har vi følgd opp tiltak etter medarbeidarundersøkinga i 2019. Rapportane frå undersøkinga er gått gjennom i alle resultattingar, og det blir laga to bevarings- og to forbetningsmål for vidare oppfølging i kvar eining. I regi av Kartverket sitt leiarutviklingsprogram i 2020 har leiarar på alle nivå gått gjennom resultatane sine, og det er utarbeidd utviklingsplanar for kvar enkelt leiar.

Undersøkinga viser at Kartverket har eit godt arbeidsmiljø, men det førekjem likevel enkelte saker knytte til mobbing og trakassering. Dette blir teke på alvor og blir jobba vidare med i vernerundar, arbeidsmiljøutvalet (AMU) og i einingane. Kartverket har nulltoleranse for mobbing og trakassering.

Kartverket har hatt éi varslingssak i 2020.

Sjukefråværet for 2020 har gått ned med 0,20 prosentpoeng samanlikna med 2019. Totalen for 2020 enda på 4,98 prosent. Kartverket nådde målet for 2020 på 5 prosent. Sjukefråværet varierer noko mellom einingane.

Kartverket har totalt hatt fem lærlingar i 2020, to på IT og tre på kontor- og administrasjon. Vi har ikkje hatt nokon kadettar i 2020.

Sjukefråværet i Kartverket

2020 **4,98%**

2018 **5,75%** | 2019 **5,18%**

Kartverket har tilsett fleire yngre personar dei siste åra, men gjennomsnittsalderen for tilsette er 48 år.  
Foto: Morten Brun




Kartverket har tilsett fleire yngre personar dei siste åra, men gjennomsnittsalderen for tilsette er 48 år.  
Foto: Morten Brun

## Aktivitets- og utgreiingsplikta i likestillings- og diskrimineringslova

### Del 1: Tilstand for kjønnslikestilling

#### Arbeidsforhold og kjønn

Ved utgangen av 2020 er nærare 54 prosent av dei tilsette i Kartverket kvinner. Vi har ein låg del mellombels tilsette, men svakt høgare blant kvinner enn menn. Kvinner jobbar også i større grad deltid enn menn, først og fremst knytt til mellombels reduksjon som følgje av omsorg for barn under 12 år. Vi har ikkje gjort ei systematisk kartlegging av ufrivillig deltid i 2020, men vi vil starte eit arbeid knytt til dette i 2021.



Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Faktisk deltid		Ufrivillig deltid	
Oppført i tal eller prosentdel av alle tilsette		Oppført i gjennomsnitt tal veker		Oppført i tal eller prosentdel av alle tilsette		Oppført i tal eller prosentdel av alle tilsette	
♀	♂	♀	♂	♀	♂	♀	♂
20	12	16,9	11,4	62	16	*	*
2,3 %	1,4 %			7,3 %	1,9 %		

\*Kartleggjast i 2021  
Kjønnsbalanse og løn skal kartleggjast annakvart år, fyrste gong i 2021.

### Del 2: Arbeidet vårt for likestilling og mot diskriminering

Målsetnaden for Kartverket er å arbeide aktivt med å fremje likestilling og mangfald, og å hindre diskriminering uavhengig av kjønn, nedsett funksjonsevne, alder, religion, nasjonalitet og etnisk bakgrunn. Vi hadde éi diskriminerings sak i 2020 (kjønn, etnisitet eller alder).

I 2020 har vi arbeidd spesielt med følgjande:

#### Rekruttering

Vi har restrukturert heile rekrutteringsprosessen med nye malar. Desse skal sikre at vi gjer ei objektiv vurdering av alle kandidatar, og gjennom det førebyggje diskriminering. Vi er også spesielt positivt merksame på søkjarar som sjølv har opplyst om nedsett funksjonsevne og innvandrarbakgrunn. I tillegg er vi merksame på kandidatar som har såkalla «hol i CV-en» (vi viser elles til eige innspel om inkluderingsdugnaden).

Kartverket har som standardtekst i stillingsannonsane at vi ønskjer å spegle heile samfunnet og ha breidde og mangfald i arbeidsmiljøet. Vi oppfordrar derfor kvalifiserte kandidatar til å søkje uavhengig av alder, kjønn, etnisitet og nedsett funksjonsevne, i tillegg til fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring.

#### Innspel til hovudtariffoppgjeret – forbetring for dei som er i ulønt foreldrepermisjon

I brevet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet om gjennomføring av lokale forhandlingar, er det peika på kven som er omfatta av oppgjeret. Blant anna er det ein

føresetnad at ein har vore tilsett med løn på verknadstidspunktet. Slik vi vurderte det, var ikkje dette i samsvar med diskriminerings- og likestillingslova § 33 pkt. c) om at den som er eller har vore i ulønt foreldrepermisjon, kan fremje lønkrav og bli vurdert.

Kartverket bad derfor staten som arbeidsgjevar bringe temæt inn i hovudoppgjeret for 2020. Dette er no innarbeidd i hovudtariffavtalane i staten, noko som er ei fin forbetring.

#### Lokal lønspolitikk

I 2020 avtalte Kartverket ein ny felles lønspolitikk med følgjande innhald på temæt «likelønn og likebehandling»:


Ved utøvelse av lønspolitikken skal det ikke forekomme diskriminering ut fra kjønn, etnisitet, funksjonsevne, alder, om man er fast eller midlertidig ansatt og uavhengig av hvilken tariffavtale den ansatte omfattes av.

Tiltaka i den nye lønspolitikken står opp om dette ved blant anna tydelegare mål, meir spissa kriterium for individuell lønsutvikling og innføring av stillingsgrupper som grunnlag for meir systematisk karriere- og lønsutvikling.

#### Innføring av stillingsgrupper – «arbeid av lik verdi»

I den nye lønspolitikken blir det etablert stillingsgrupper basert på kompleksiteten, ansvaret og kompetansekrava knytte til oppgåvene. Det blir skilt mellom leiarstillingar (tre nivå), fagstillingar (åtte nivå) og prosjektleiarstilling. Føremålet med å opprette slike stillingsgrupper er fleire, blant

Kartverket har ein god balanse mellom kjønna. Ved utgangen av 2020 er nærare 54 prosent av dei tilsette i Kartverket kvinner.  
Foto: Morten Brun



anna gjev det oss høve til å kunne identifisere lønspraksis på tvers av stillingar i verksemda som kan samanliknast. Innplassering av medarbeidarane skjer i første del av 2021.

#### Seniorpolitikk - alder

Kartverket har gode seniorpolitiske tiltak og ein seniorpolitikk som fungerer. Målsetnaden er å forhindre fråfall og halde på viktig kompetanse.

Vi vil spesielt peike på:

- Alle over 62 år får høve til å ta ut 12 seniordagar pr. år (forholdsmessig for deltid)
- Kompetansetiltak
- Årleg vurdering av situasjonen gjennom eige punkt i utviklingssamtalen
- Tilrettelegging av arbeidssituasjonen
- Seniorskurs for alle over 60 år

#### Slik set vi inkluderingsdugnaden ut i livet

Gjennom 2020 heldt Kartverket fram arbeidet for å innfri målet om at minimum 5 prosent av nyttilsetjingar i staten skal vere personar med nedsett funksjonsevne eller hol i cv-en. Med ein del på 8,5 prosent oppnådde vi 5-prosentmålet i 2020. Vi meiner at nye rutinar for å vurdere søkjarar og kompetanseheving om intervju-situasjonen er blant tiltaka som har bidrege mest til at vi har nådd målet.

#### Delen nyttilsette med nedsett funksjonsevne eller hol i cv-en

Talet på nyttilsetjingar auka frå 30 i 2019 til 35 tilsetjingar i 2020, 31 faste og fire mellombelse. Det vart tilsett tre personar frå målgruppa for inkluderingsdugnaden. Alle stillingane er mellombelse. I tillegg har vi hatt ein praksisplass og ein lærling (ferdig august 2020) som tilhøyrrer målgruppa.

Tilsetjingar	2020
Nytilsetjingar totalt	35
Nytilsette i målgruppene	3
Delen nyttilsette med nedsett funksjonsevne eller hol i CV	8,5 %

#### Tiltak for å styrkje inkluderinga

Kartverket har prioritert å vareta inkluderingsperspektivet i rekrutteringsprosessen. Vi har gjort endringar på krav i utlysingstekstane, slik at dei er meir inkluderande overfor målgruppa til inkluderingsdugnaden. Rutinar for korleis vi vurderer søknader og CV-ar er også gjennomgått, slik at vi no kallar inn fleire frå målgruppa til intervju.

Kartverket opplever at det er ei stor utfordring å måle talet på søkjarar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. I 2020 hadde vi få kvalifiserte søkjarar som oppgav dette i søknadene sine. Dette var noko som først kom fram under intervju.

Ettersom mange ikkje gjev til kjenne nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en når dei søker, er det knytt uvisse til utviklinga i talet på søkjarar frå målgruppa. Basert på dialogen med søkjarane og erfaringar frå intervju, meiner vi likevel å ha haldepunkt for å seie at dei nye utlysingstekstane fungerer etter føremålet.



## DEL 5

# Vurdering av framtidutsikter

Mengda satellittar for breibandskommunikasjon vil auke svært mykje dei næraste åra, og er venta å skape utfordringar ved bruk av dagens teknikkar innanfor astronomi og jordobservasjon.  
Foto: Per Anders Bjørklund

— — — — →

FN reknar at 80 prosent av alle data som blir produserte, kan stadfestast. Det ligg eit stort potensial i å utvikle og bruke mangfaldet av stadfesta data til effektivisering og verdiauke i samfunnet. Kartverket må i framtida ta grep for å skape samarbeidsarenaer, gå inn i økosystem og spele ei aktiv rolle for at både private og offentlege aktørar kan utnytte potensialet i stadfesta data som eksempelvis avgjerdsstøtte og grunnlag for nye verdikjeder.

Vi står framfor eit stort teknologiskifte der stadrelaterte data blir meir relevante enn nokosinne. Dette vil vere eit teknologisk skifte som vi må ta saman med andre offentlege aktørar og privat næringsliv. God utnytting av stadfesta data i kombinasjon med ny teknologi kan gje enorm nytteverdi for samfunnet. Gode system for datautveksling, deling og oppdatering er sentrale punkt i åra som kjem. Her vil Kartverket måtte ta føringa saman med kommunar, andre statlege og private samarbeidspartar.

Standardiserte grensesnitt er sentralt i bruken av stadfesta data. Allereie i dag finst det system for slik utveksling som eksempelvis i den nasjonale geoportalen, geonorge.no. Geomatikkbransjen og offentlege partar har jobba lenge med dette i Noreg. Det vil vere viktig å sjå kva for brukarbehov som kjem, kva typar stadfesta data som blir avgjerande i nye prosessar, metodar for datainnsamling og korleis data på ein best mogleg måte kan leggast til rette for gjenbruk.

Leveransane frå Kartverket blir i dag brukte i stadig større grad av både næringsliv, offentlege verksemdar og ikkje minst av innbyggjarane. Vi leverer med kvalitet og er til å stole på, og vi evnar også å fornye oss i pakt med nye brukarbehov.

Våre data og tenester blir stadig meir relevante som avgjerdsstøtte, kunnskapsgrunnlag og forvaltning på nye område, anten det er i klimaspørsmål eller presise posisjonstenester, som støtte for framtidige førarlaus bilar.

Det ligg eit stort potensial i å utnytte den teknologiske utviklinga og mangfaldet av stadfesta data til effektivisering og verdiauke i samfunnet. Kartverket må halde fram å samarbeide godt og vere innovative saman med både private og offentlege aktørar, slik at vi kan belyse potensialet og berekne dei samfunnsøkonomiske gevinstane. Dette gjev store utsikter for Kartverket framover.

For å lykkast inn i framtida må også ulike utfordringar handterast. Vi oppsummerer her nokre av utfordringane våre, både i og utanfor Kartverket, som på sikt kan påverke vår evne til å løyse samfunnsopdraget vårt.



## Interne forhold

Kartverket si rolle og stadfesta data er svært viktige i den digitale utviklinga som no går føre seg i samfunnet. Den digitale kompetansen til befolkninga utviklar seg raskt, og brukarkrava blir stadig meir avanserte. Eit aukande tal brukarar har dagleg løpande, direkte kontakt med stadfesta informasjon frå Kartverket. Ein velfungerande og god infrastruktur er derfor nødvendig for å sikre kunnskapsgrunnlaget, slik at gode avgjerder blir tekne til riktig tid.

Som del av Noreg digitalt-samarbeidet [1] er det oppretta ein nasjonal geoportal for stadfesta informasjon, geonorge.no. Her kan alle søkje etter og få tilgang til data, tenester og grensesnitt.

For ei vidareutvikling av dataøkonomien, er det mykje å hente på å auke bruken av geodata. Det er behov for å lage nye samarbeids- og finansieringsmodellar, ta inn fleire datatypar, datasett, format og tilretteleggje grensesnitt betre. Dette er viktig for at privat næringsliv utan GIS-kompetanse skal kunne utnytte potensialet.

Brukaren skal vere i sentrum for dei digitale løysingane Kartverket og det offentlege tilbyr. Dette ligg tydeleg i krava og forventningane frå regjeringa til oss. Vidare er vi oppmoda om å bli med i utviklinga av økosystem som skal syte for at verdiskaping ved bruk av data, kjem samfunnet til gode.

Kvardagen vår er prega av auka internasjonal konkurranse, stadig endring av brukarkrav, nye aktørar og nye forretningsmodellar. Samtidig er det politisk semje om oppfatninga at kostnadene i det offentlege må ned, og Kartverket må skaffe handlingsrom for vidare utvikling innanfor eigne rammer. Vi står no overfor eit stort teknologiskifte som vil vere kostnadskrevjande. Utfordringa vil vere å skaffe finansiering, utover det vi ser er mogleg innanfor eige handlingsrom.

Kompetent og effektiv bruk av stadfesta informasjon er også viktig for å oppnå FN sine berekraftsmål. Ein velfungerande og tidsriktig geografisk infrastruktur er nødvendig i ein datadriven økonomi, for å sikre kunnskapsunderlag til å ta gode avgjerder til riktig tid. Som nasjonal geodatakoordinator bidreg Kartverket til at ei stor informasjonsmengd om det norske samfunnet blir gjort tilgjengeleg. I samarbeid med andre kan vi samanstillе lokal, regional og landsdekkjande informasjon og levere eit kunnskapsgrunnlag, fellesskapets digitale tvilling, for berekraftig forvaltning av det norske samfunnet.

I dette komplekse landskapet i rask endring, ser Kartverket eit sterkt behov for å kome med ein plan for å løfte den geografiske infrastrukturen, slik at den kan løyse samfunnsutfordringar og skape vekst. Vi må bli betre rusta for framtida og vere førebudde på endringar. Kartverket har derfor sett i gang eit omfattande arbeid både med å sjå på omverda omkring oss og ein intern nosituasjonsanalyse for å utvikle gode strategiske mål fram mot 2025.



Kompetent og effektiv bruk av stadfesta informasjon er viktig for å oppnå FN sine berekraftsmål.

[1] Noreg digitalt – etablert 2005 med partar som har ansvar for å framskaffe stadfesta informasjon og/eller er store brukarar av slik informasjon – kommunar, fylke, nasjonale etatar og private selskap som tele- og kraftselskapittel

Geovekst – etablert 1992 som eit samarbeid om felles etablering, forvaltning, drift, vedlikehald og bruk av geografisk informasjon. Partane gjennomfører bl.a. felles kartleggingsprosjekt gjennom samfinansiering.

## Eksterne forhold

Første steg på denne vegen er å få innsikt i kva for makroforhold som kan påverke oss framover, ein såkalla «PESTEL»-analyse eller omverdsanalyse.

Kartverket har sett i gang eit omfattande arbeid både med å sjå på omverda omkring oss og ein intern nosituasjonsanalyse for å utvikle gode strategiske mål fram mot 2025. Første steg på denne vegen er å få innsikt i kva for makroforhold som kan påverke oss framover, ein såkalla «PESTEL»-analyse eller omverdsanalyse.  
Illustrasjon: Hanna Hauan



PESTEL-analysen er delt inn i seks hovudområde, politiske, økonomiske, sosioøkonomiske, teknologiske, miljø- og juridiske faktorar. Ein endeleg analyse låg føre 1. oktober 2020.

### Politiske faktorar

Sentrale styresmakter ønskjer eit auka trykk på digitalisering og innovasjon i offentleg sektor, slik det kjem fram i ulike stortingsmeldingar dei siste åra. Regjeringa arbeider for ein digital offentleg sektor på tvers av forvaltningsnivåa. Målet er å styrkje evna til å løyse oppgåver på nye og meir effektive måtar, blant anna gjennom kunstig intelligens og datadriven innovasjon.

Digitaliseringsdirektoratet er etablert, og KS har fått utvida ansvar gjennom arbeidet med digitaliseringsstrategien «En digital offentlig sektor». Fleire initiativ og program innanfor smart by/smart kommune er i startgropa, medrekna dei med ambisjonar om digitale tvillingar av samfunnet.

Ein stadig større del av dei data som blir samla inn, tilhøyrrer globale selskap og plattformtilbydarar, og ein opplever auka medvit om å sikre offentleg eigarskap/kontroll på viktige data.

EU lagar no ny datapolitikk, der dei definerer sine «high priority/high value» datasett. Kartdata er definert som «high value datasets», og eitt viktig prinsipp for desse er at dei skal vere fritt tilgjengelege. I Noreg er viktige delar av samarbeidet om stadfesta data tufta på forretningsmodellar, som kan bli utfordra.



Offentleg-privat samarbeid vil vera viktig for Kartverket også i åra som kjem. Privat næringsliv nyttar ny teknologi til å samla inn detaljerte data om botnforhold og eigenskapane på kaiene på oppdrag frå Kartverket. Her frå kartlegginga av Oslo hamn hausten 2020. Foto: Terratec



#### Økonomiske faktorar

Kostnadene i offentlig sektor må ned for at Noreg skal lyk- kast med det grøne skiftet og samtidig vareta velferdsgode med aukande del eldre i befolkninga.

Samtidig aukar vektlegginga av samfinansiering, gjerne mellom fleire departement og private aktørar som middel for å realisere større satsingar.

Vi ser at digitale plattformer der plattforma skaper verdiar gjennom transaksjonar mellom to eller fleire uavhengige grupper, t.d. forbrukarar og leverandørar, breier om seg også på fagområda våre. Det blir viktig for Kartverket å engasjere seg i korleis dette kan påverke dagens samarbeid om geografiske data, og arbeidet bør harmoniserast med den nye datapolitikken i EU.

#### Sosioøkonomiske faktorar

Digitaliseringa endrar dei sosioøkonomiske forholda i Noreg, altså korleis økonomisk aktivitet påverkar og blir forma av sosiale forhold. Til dømes brukte 94 % av befolkninga i alderen 16–79 år banktenester på internett i 2019, mot 86 % i 2013. Digitaliseringa har også endra og held fram å endre brukarane, deira kompetanse, mentalitet, verdiar og haldningar. Den raske digitaliseringsfarten har medført at endringa i brukarkrav og -behov har vore raskare enn endringstakta i offentlig sektor.

Digitaliseringsfarten utfordrar også behovet for auka tryggleik. Det blir utarbeidd årlege trugselvurderingar for det norske samfunnet. Kartverket forvaltar også data som er viktige for å halde forsvarsevna ved lag og der det er viktig å holda data skjerna. Dette tyder at Kartverket må ha auka merksemd om tryggleik, og halde ved lag tilstrekkelege barrierar for å gjere oss robuste i kampen mot digitale åtak.

#### Teknologiske faktorar

Kunstig intelligens, sensortechnologi og tinga sitt internett vil drastisk endre måten stadfesta data blir samla, forvalta og formidla. Modninga vår til desse teknologiane vil påverke korleis vi kan utnytte dei. Samtidig vil ny teknologi som blir teken i bruk i prosessar og av brukarar rundt oss, stille nye krav til korleis og kva for data/tenester vi leverer frå oss.

Det vil bli viktig å jobbe systematisk for å utvikle ei digital modning for å henge med på utviklinga.

Verdiane blir dermed skapte ute hos brukarane/kundane i mykje større grad enn i dag. Kartverket må tenkje heilt annleis rundt korleis vi skal skape verdiar, t.d. ved å tilby utviklingsverktøy til brukarane/kundane for egne data. Denne megatrenden heng tett på dei som tidlegare er skildra i samband med den sosioøkonomiske faktoren der det blir vist til at brukarkrav og digital kompetanse hos brukaren aukar.

Neste generasjon dataprosessorar (kvanteprosessorar) vil gje ein ufatteleg auke i kapasiteten datamaskinene har. Saman med kunstig intelligens vil dette revolusjonere korleis datamaskiner påverkar liva våre, og dermed kunne endre mange forretningsområde. Det står att mykje forskning og utvikling før kvantedatamaskinene kan gjere nyttige berekningar og nå sitt fulle potensial.

Tinga sitt internett er eit nettverk av fysiske «dingsar» og sensorar som er kopla til internett. Stadig fleire av desse dingsane og sensorane har ein geografisk posisjon. Dette inneber at datatilfanget av geografisk informasjon aukar. Dette datatilfanget er i liten grad knytt til den nasjonale geografiske infrastrukturen i dag, men kan gje store utsikter som felles kunnskapsgrunnlag.

Enkelte teknologiske framsteg er alt på veg til å bli tekne i bruk.

Intelligente transportsystem driv fram nye samarbeid og leveransar. Dette har vorte eit område som har utvikla seg til å bli ei samle- nemning for ei lang rekke verkemiddel som baserer seg på operativ bruk av ny teknologi. Døme kan vere forbetra trafikkinformasjon, satellittnavigasjon, flåtestyring og autonome transportar på veg, sjø, bane og i lufta.

Utviklinga viser også at bygningsinforma- sjonsmodellering (BIM) smeltar saman med geografiske informasjonssystem (GIS). Vegen frå dagens bygningsforvaltning splitta i matrikkel og SFKB- forvaltning (sentral felles kartdatabase), vidare til ein tredimensjonal bygningsmodell med hyppige oppdateringar, som igjen kan danne ein sentral komponent i ein digital tvilling, er eit krevjande løp.

Digitale tvillingar blir utvikla i stadig fleire bransjar, for å skaffe betre kunnskapsgrunn- lag og ta berekraftige avgjerder. Ein digital tvilling er ein digital rekonstruksjon av noko som eksisterer i den verkelege verda. Det kan vere ein representasjon av eit fysisk objekt, ein stad, eit system, ein prosess eller til og med eit menneske. Den digitale representa- sjonen speglar den verkelege tingen, og han lærer og endrar seg i takt med det han repre- senterer. Vi ser framvekst av nye datakjelder og nye analytiske metodar som vil gjere det (nær) mogleg med sanntidsappar og danne grunnlag for blant anna digitale tvillingar. Når samfunnet vårt skal representerast dy- namisk, er det avgjerande at den geografiske infrastrukturen blir utnytta til fulle og kan vidareutviklast i takt med behovet for auka kunnskapittel

#### Miljøfaktorar

Klimaendringar utløyer krav om nye tenester og produkt. Auka hyppigheit av ras, stormflod, flaum, internasjonale klimahendingar, landskaps- og be- folkningsendringar fører til auka etterspurnad etter nye produkt og tenester, og etter oppdatert innhald i eksisterande produkt.

FN sine berekraftsmål stiller krav til at styringa av samfunnsutviklinga skal vere kunnskaps- og faktabasert. Kartverket si rolle som geodatakoordinator er å leggje til rette for og sjå til at datasett, produkt og tenester kan koplast saman og gjerast tilgjengelege på effektive måtar. FN sine berekraftsmål krev at mange fleire datasett blir kopla for å gje tilstrekkeleg kunnskapittel Inter- nasjonale kriser som til dømes tørke, flyktningsstraumar, krig eller pandemiar kan medføre store samfunnsmessige endringar også i Noreg. Krisene kan vere drivarar for raske sosioøkonomiske endringar, også store endringar i prioriteringane nasjonane gjer. Krisene kan oppstå raskt, og handtering av desse krev tilgang til nøyaktig og oppdatert informasjon og kunnskapittel

Pandemi-situasjonen har påverka bruken av blant anna digitale medium, måten ein arbeider på, reiseverksemd, utviklinga av digitale løysingar for samhandling og arbeid. Endringane skaper nye brukarbehov og nye typar data, medrekna demografiske data, og dei endrar folk sine verdiar og vanar.

Nye sjø- og landområde blir avdekte når isen trekkjer seg attende. Dette fører til meir trafikk og aktivitet, noko som igjen utløyer behov for ny kartlegging. Svalbardtraktaten gjev Noreg suverenitet over store landområde, men trak- taten og Noreg si handheving av lover blir utfordra av mange. Graderingsre- gimet, som slår fast at detaljert informasjon om botnforhold er tryggleiksgra- dert, kan kome til å gjelde på Svalbard.

Mengda satellittar for breibandskommunikasjon er forventa å auke svært mykje dei næraste åra.

Dette legg beslag på frekvensar, skaper støy og er forventa å skape utfordringar ved bruk av dagens teknikkar innanfor astronomi og jordobservasjon, medrekna very-long-baseline interferometry (VLBI) som er grunnlaget for moderniseringa av jordobservatoriet.

#### Juridiske faktorar

Gjennom offentleglova har Noreg implementert det såkalla vidarebruksdirektivet, også kalla PSI- direktivet. Hovudføremålet er å leggje til rette for vidarebruk av offentleg informasjon. Direktivet tek såleis sikte på å byggje ned alle barrierar som hindrar utlevering og vidarebruk av offentleg informasjon.

Offentleglova gjev føring om transparente offentlege organ som bør leggje til rette for bruk av offentleg informasjon. Vidare gjev offentleglova klare føringar på at data helst skal vere gratis. Alle data som Kartverket tek mot, blir offentlege og er regulerte av offentleglova. Utgangspunktet er at offentlege data skal vere gratis, og både EU og regjeringa sin strategi er å oppnå dette.

Vi må sikre berekraftig finansiering og vidareutvikling av ein geografisk infrastruktur for å dekkje brukarane sine behov.

Kombinasjonen av utviklingstrekk nemnde i avsnittet om politiske og økonomiske faktorar og det juridiske landskapet, forsterkar inntrykket av at den vidare utviklinga vår blir ein krevjande balansegang mellom rammevilkår og brukarbehov.

#### Avslutning:

Dette korte utdraget frå omverdsanalysen viser at Kartverket står overfor mange nye utfordringar som vil påverke oss. Vi har ein lang tradisjon i å løyse oppgåvene våre på ein god måte. Gjennom ny strategi vil vi ha gode planar, slik at vi også dei neste åra skal kunne innfri måla og resultatkrava våre. Vi skal også halde fram å vidareutvikle det gode samarbeidet med våre eksterne aktørar.

Målet er å forenkle, effektivisere og digitalisere på ein slik måte at brukarane våre opplever Kartverket som ein relevant sentral aktør av data og tenester - åleine, men også saman med andre.

Kartverket sine data og tenester blir stadig meir relevante som avgjerdsstøtte og kunnskapsgrunnlag til dømes i klimaspørsmål.

Foto: Bjørn Owe Holmberg



DEL 6

# Årsrekneskapen



## Leiingskommentarar

Årsrekneskapen til Kartverket er fullstendig og gjev eit dekkjande bilete av Kartverket sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter og kostnader, inntekter, egedelar og gjeld.

### Føremål

Kartverket er eit bruttobudsjettert forvaltningsorgan underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Kartverket sine hovudoppgåver er å samle inn, systematisere, forvalte og vidareformidle nasjonale register for offentlig eigeomsinformasjon og stadnamnregister. Kartverket har også eit ansvar for samordning av arbeidet med den geografiske infrastrukturen i landet gjennom rolla som nasjonal geodatakoordinator, attåt produksjon og forvaltning av nasjonale digitale kartseriar for land og sjø, og ansvar for drift av kartserien for heile landet.

### Stadfesting

Kartverket fører rekneskapen etter to finansielle rammeverk; kontantrekneskap, etter krava for statsrekneskapen, og periodisert verksemdsrekneskap, i samsvar med statlege rekneskapsstandardar (SRS). Rekneskapen for 2020 viser samanlikningstal frå 2019.

Årsrekneskapen for Kartverket er lagd fram i samsvar med vilkår om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet, KMD sin økonomi- og verksemdsinstruks, og den interne økonomi- og verksemdsinstruksen i Kartverket.

Årsrekneskapen til Kartverket er fullstendig og gjev eit dekkjande bilete av Kartverket sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter og kostnader, inntekter, egedelar og gjeld.

### Økonomiske rammer og vesentlege forhold

Kartverket har i 2020 hatt ei auka merksemd om økonomi- og verksemdsstyringsområdet. Det har særleg vore fokus på å forbetre den heilskaplege økonomiske styringa i Kartverket, og å vidareutvikle det eksisterande internkontrollsystemet. Gjennom tilsetjinga av ein ny avdelingsdirektør for økonomistyring, etablering av ein teamstruktur tilpassa økonomiprosessane, og ei justering av internkontrollprosessar knytte til pengestraumar, meiner vi at Kartverket har betra styringa og kontrollen.


### Løyvingsrekneskapen

Løyvingsrekneskapen for 2020 gjev ei oversikt over utgiftsrammer og inntektskrav for Kartverket. Kartverket har i 2020 hatt ei samla utgiftsramme på 1,249 milliardar kroner, i tillegg til eiga løyving på kapittel 595, post 30, Jordobservatoriet i Ny-Ålesund, med 39 millionar kroner. Kartverket har også fått budsjettfullmakter på til saman 14,2 millionar kroner. Inkludert i Kartverket si utgiftsramme for 2020 er det løyvt 45 millionar kroner til oppgradering av matrikkelen, 13,8 millionar kroner til pilotprosjektet Marine grunnkart i kystsona og 36 millionar kroner til prosjektet Nasjonal detaljert høgdemodell.

Kartverket sitt inntektskrav i 2020 var på totalt 809,5 millionar kroner. 470 millionar kroner knytter seg til inntektskrav på gebyrinntekter tinglysning. 20 millionar kroner av dette kravet fekk Kartverket i auka inntektskrav gjennom nysalderingen. Faktiske gebyrinntekter vart 19,7 millionar høgare enn inntektskravet, og 39,7 mill. kroner høgare enn opphavleg inntektskrav på 450 millionar kroner. Dette viser at det har vore høg aktivitet i eigedomsmarknaden i 2020. Kartverket har meirinntektsfullmakt på dei to andre inntektspostane sal og abonnement og samfinansiering, og året enda med samla inntekter på 386 millionar kroner for desse postane. Dette tilsvarer meirinntekter på 26,5 millionar kroner.

Kartverket har hatt god kontroll med økonomien i 2020. Trass i eit utfordrande år med pandemi og arbeid heimanfrå, har vi langt på veg klart å innfri samfunnsoppdraget vårt. Nokre oppgåver har likevel blitt forskuva i tid, og vi har måtta omprioritere enkelte oppgåver og ressursar. Netto har Kartverket eit mindreforbruk på 28,4 millionar kroner ved utgangen av 2020, der 8,1 millionar kroner er direkte knytte til forseinkingar i prosjekt der vi har løyving på kapittel 595, post 21.

I revidert nasjonalbudsjett (RNB) fekk Kartverket ei auka løyving på 25 millionar kroner over kapittel 595, post 21. 13 millionar kroner av desse midlane er ei framskunding av Nasjonal detaljert høgdemodell, og prosjekta er no forventa ferdigstilte i 2021. Som følge av pandemien vart det ekstra viktig å stimulere det private næringslivet. Dei resterande 12 millionar kroner som Kartverket fekk i RNB, vart gjevne til ei pakke tiltak retta mot kyst og hamner, fordelt på fire delprosjekt der Kartverket skulle vere prosjektleder.



Mindreforbruket på post 30 med 27,5 millionar kroner har hovudårsaka si i forseinka leveranse av Satellite Laser Ranging (SLR) til det nye jordobservatoriet i Ny-Ålesund.

Kartverket krev også inn dokumentavgift og tinglysingsgebyr på vegner av staten. Inntektene her utgjorde høvesvis 11 242,8 millionar kroner og 489,7 millionar kroner.

### Verksemdsrekneskapen

Det er inga store endringar frå rekneskapen for fjoråret korkje på eigedels- eller gjeldssida. I samsvar med oppdatert SRS 10 er konto 2150 Statens finansiering av immaterielle egedelar og varige driftsmiddel flytt til konto 1990 og inngår no som ein del av Avrekna med statskassa – andre tidsavgrensingspostar.

Den totale tilgangen på investeringar i 2020 er på 78,5 millionar kroner, der investeringar knytte til eigenutvikla programvare og immaterielle egedelar under utføring utgjør 38,7 millionar kroner. Om lag halvparten av denne tilgangen, 16,6 millionar kroner, knytter seg til utvikling av Eiendomsportalen. Kartverket har også investert 5,7 millionar kroner i ny nasjonal geoportal og 7,7 millionar kroner i kartverket.no, Kartverket si nye nettside. Av andre varige driftsmiddel har Kartverket blant anna nytta 7,7 millionar kroner til oppgradering av bygningsmasse og leigde lokale med tilhørande inventar. Investeringar knytte til PC-ar, tenarar og skrivarar er lågare enn fjoråret, då det vart gjort ei større oppgradering på dette området i 2019.

### Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for Kartverket. Revisjonsmeldinga skal liggje føre innan 1. mai 2021.

### Spesielle notekrav

Note C er utarbeidd særleg for Kartverket for å gje eit bilete av samfinansierte prosjekt og forskotsbetalingar, og handlar om spesifikasjon av mellomverande med statskassa – kontant. For ytterlegare informasjon – sjå prinsippnoten til kontantrekneskapen.

Note D er utarbeidd for å svare ut rapporteringskrav i tildelingsbrevet. Kartverket er bedne om, i eigen note til årsrapporten, å synleggjere kva del av utgiftene på kapittel 595, postane 01 og 21 som er finansierte ved inntekter frå kapittel 3595, postane 02 og 03. Spesifikasjonen inneheld konkrete lønskostnader og talet på årsverk.

Note E er utarbeidd for å svare ut rapporteringskrav i samsvar med Kartverket sin økonomi- og verksemdsinstruks frå KMD. Noten gjev ei oversikt over dei øyremerkte midlane på kapittel 595 som Kartverket har disponert i 2020.

Johnny Welle  
Kartverkssjef



## Kontantrekneskapen

### Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen er utarbeidd og avlagt etter nærare retningslinjer fastsette i vilkår om økonomistyring i staten («vilkåra»). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i vilkåra i punkt 3.4.1, nærmare vilkår i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 av november 2019 og eventuelle tilleggskrav fastsette av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i vilkåra i punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- Rekneskapen følgjer kalenderåret
- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp

Oppstillingane av løyving- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarar med krav i vilkåra punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Kartverket er knytt til staten si konsernkontoordning i Noregs Bank i høve til krav i vilkåra punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved slutten på året blir saldoen på den einsskildde oppgjerskonto nullstilt ved overgang til nytt år.

### Løyvingrapporteringa

Oppstillinga av løyvingrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingrapporteringa viser rekneskapstal som Kartverket har rapportert til statsrekneskapen. Det stillast opp etter dei kapittel og postar i løyvingrekneskapen Kartverket har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva Kartverket har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og forpliktingar Kartverket står oppført med i staten sin kapitalrekneskapittel

Mottekne fullmakter til å belaste ei anna verksemd sitt kapittel/post (belastningsfullmakter) visast i kolonnen for samla tildeling og er omtalte i note B til løyvingoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og viser seg i kolonnen for rekneskapittel Kartverket har gjeve frå seg belastningsfullmakt på kapittel 3595 Statens kartverk, post 01 Gebyrinntekter Tinglysing og kapittel 5565 Dokumentavgift, post 70 Dokumentavgift (på vegner av Finansdepartementet) til Statens innkrevjingssentral i 2020.

Framførte belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir bokførte og ikkje rapporterte til

statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Framførte belastningsfullmakter blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastningsfullmakta og viser derfor ikkje i kolonnen for rekneskapittel

**Fullmakt utsett utgifts- og inntektsføring – samfinansiering**  
Kartverket har omfattande samarbeid med andre partar om finansiering og gjennomføring av prosjekt knytte til geografisk infrastruktur. Denne type prosjekt blir klassifisert som samfinansieringsprosjekt.

Av tildelingsbrevet til Kartverket for 2020 går det fram at samfinansierte prosjekt blir forstått som prosjekt der fleire partar går saman om sams finansiering av prosjekt knytte til geografisk infrastruktur. For å ta hand om rekneskapsmessige utfordringar knytte til partane si innbetaling av forskot i samfinansieringsprosjekt har Kartverket fått fullmakt til å føre innbetalingar av forskot i slike prosjekt på ein balansekonto knytt til mellomverande med statskassa. Inntektsføring skjer først når tilsvarende utgifter/kostnader blir utbetalt/tek til å gjelde. Dette prinsippet gjeld både i verksemdsrekneskapen og løyvingrekneskapen (kontantrekneskapen).

Frå 1. januar 2020 vart det innført endringar i økonomiregelverket i staten knytt til unntak frå kontantprinsippet. R-101, kapittel 5.1.1, kontogruppe 70, 71 og 72 tek føre seg egedels- og gjeldspostar som skal inngå i mellomverande med statskassa. Forskotsinnbetalingar som knytter seg til prosjekt eller andre tidsavgrensa oppgåver er ein slik post (bokstav d), og tilsvarende fullmakta som Kartverket er gjeven gjennom tildelingsbrevet. Fullmakta er gjeldande for alle bruttobudsjetterte verksemdar og forvaltningsbedrifter.

Note C er utarbeidd for å gje eit bilete av kva for prosjekt dette gjeld, og viser kva som er ført på konto for mellomverande med statskassa.

### Rapporteringskrav i tildelingsbrevet

Note D er utarbeidd for å svare ut rapporteringskrav i tildelingsbrevet. Kartverket er bedne om, i eigen note til årsrapporten, å synleggjere kva del av utgiftene på kapittel 0595, postane 01 og 21 som er finansierte ved inntekter frå kapittel 3595, postane 02 og 03. Spesifikasjonen inneheld konkrete lønskostnader og talet på årsverk.

### Rapporteringskrav i instruks frå departement

Note E er utarbeidd for å svare ut rapporteringskrav i samsvar med Kartverket sin økonomi- og verksemdsinstruks frå KMD. Noten gjev ei oversikt over dei øyremerkte midlane på kapittel 595 som Kartverket har disponert i 2020. Tidlegare år har denne oversikta vore lagt til del 3 av årsrapporten.

### Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal Kartverket har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Kartverket har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje rapporterte som ei inntekt til statsrekneskapen og derfor ikkje viste som inntekt i artskontorrapporteringa. Kartverket sine valutakontoar er ført brutto i balansen, slik at beløpet på valutakonto både kjem fram som egedel og kortsiktig gjeld.

## Oppstilling av løyvingrapportering, 31.12.2020

Utgifts-kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling*	Rekneskap 2020	Meirutgift (-) og mindreutgift
0595	Statens kartverk	01	Driftsutgifter	A, B	921 571	906 635	14 936
0595	Statens kartverk	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	327 630	340 632	-13 002
0595	Statens kartverk	30	Geodesiobservatoriet i Ny-Ålesund	A, B	39 006	11 550	27 456
1410	Mareano	23	Spesielle driftsutgifter	B	76 454	52 054	24 400
0326	Språk-, litteratur- og bibliotekføremål	01	Driftsutgifter	B	5 620	5 620	
0352	Kulturdepartementet	21	Universell utforming	B	900	1 028	
0352	Kulturdepartementet	71	Tilskot til kommunar og organisasjonar	B	1 100	967	
0500	Kommunal- og moderniseringsdep.	21	Spesielle driftsutgifter	B	3 400	3 399	
1410	Klima- og Miljødep. Miljøforskning og miljøovervaking	22	Spesielle driftsutgifter	B	3 145	3 145	
0471	Erstatningsansvar	71	Erstatningar			672	
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Driftsutgifter			1 804	
<b>Sum utgiftsført</b>					<b>1 378 826</b>	<b>1 327 506</b>	

Inntekts-kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2020	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3595	Statens kartverk	01	Gebyrinntekter tinglysing	A, B	470 000	489 710	19 710
3595	Statens kartverk	02	Sal og abonnement	A, B	149 207	181 824	32 617
3595	Statens kartverk	03	Samfinansiering	A, B	210 324	204 215	-6 109
5565	Dokumentavgift	70	Dokumentavgift			11 242 447	
5605	Renter av kontant-beholdninga i statskassa og andre krav	83	Av alminnelege krav			315	
5700	Inntektene til folketrygda	72	Arbeidsgjevaravgift			74 391	
<b>Sum inntektsført</b>					<b>829 531</b>	<b>12 192 902</b>	

**Netto rapportert til løyvingrekneskapen** **-10 865 396**

Kapitalkontoar		2020	2019	Endring
60085401	Noregs Bank KK/innbetalingar		12 171 317	
60085402	Noregs Bank KK/utbetalingar		-1 283 161	
724080	Endring i mellomverande med statskassa		-22 759	
<b>Sum rapportert</b>			<b>0</b>	

### Behaldningar rapportert til kapitalrekneskapen (31.12)

Konto	Tekst	2020	2019	Endring
626005	Aksjar	14	14	0
724080	Mellomverande med statskassa	-136 842	-114 083	-22 759

\* Samla tildeling skal ikkje reduserast med eventuelle avgitte belastningsfullmakter (gjeld både for utgiftskapittel og inntektskapittel). Sjå note B «Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogeleg overførbart utgjorde til neste år» for nærare forklaring.

## Note A

### Forklaring av samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla tildeling
0595.01	5 989	915 582	921 571
0595.21	8 803	318 827	327 630
0595.30	31 370	7 636	39 006
3595.01	0	470 000	470 000
3595.02	0	149 207	149 207
3595.03	0	210 324	210 324

## Note B

### Note B Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre i samsvar med avgjevne belastnings- fullmakter(-)	Meirutgift(-)/ mindreutgift etter avgjevne belastningsfull- makter	Meirinntekter / mindreinntek- ter(-) i samsvar med meirin- tektsfullmakt **
595.01; 3595.02; 3595.03	«kan nyttast under kapittel 595, post 21 og 45»	14 936	0	14 936	20 146
595.21; 3595.02; 3595.03	«kan overførast», «kan nyttast under kapittel 595, post 01 og 45»	-13 002	0	-13 002	6 362
595.30	«kan overførast»	27 456	0	27 456	
Fortsettelse Kapittel og post	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overfør- bart beløp *	Mogleg overfør- bart beløp rekna ut av verksemda
595.01; 3595.02; 3595.03	0	0	35 082	45 779	28 442
595.21; 3595.02; 3595.03	0	0	-6 640	0	0
595.30	0	0	27 456	13 236	13 236

\* Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 % av løyvinga for i år på driftspost 01. Mindreforbruk øyremerkte midlar på 21-post kan overførast. Maksimal overføring på kapittelpost 595.30 er summen av løyvingane dei to siste åra.

\*\* Meirinntekter/mindreinntekter i samsvar med meirinntektsfullmakt er fordelt med 76/24 i samsvar med fordelt inntektskrav mot høvesvis kapittel 595, postane 01 og 21

### Mottekne budsjettfullmakter/belastningsfullmakter

Kartverket har fått følgjande budsjettfullmakter/belastningsfullmakter, og brukt følgjande beløp:

Kapittel/post		Samla tildeling	Brukt beløp
326.01	Språk-, litteratur- og bibliotekføremål	5 620	5 620
352.21	Kulturdepartementet	900	1 028
352.71	Kulturdepartementet	1 100	967
500.21	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	3 400	3 399
1410.22	Klima- og miljødepartementet	3 145	3 145
1410.23	Klima- og miljødepartementet (Mareano)	76 454	52 054

### Tildeling kapittel 326, post 01

Midlane er gjevne av Kulturdepartementet til å dekkje utgifter Statens kartverk har med arbeid for å ta vare på forvaltningsoppgåver etter stadnamnlova, under dette å drifte og utvikle Sentralt stadnamnregister (SSR), syte for at SSR er oppdatert, tilgjengeleggjere opplysningar frå registeret, fastsetje skrivemåten av naturnamn og nedarva gards- og bruksnamn og skrivemåten av namn for andre statlege etatar dersom ikkje anna er bestemt i lov eller forskrift, og bruke riktige stadnamn på kart, nettsider og -applikasjonar.

### Tildeling kapittel 352, post 21 og 71

Budsjettfullmakta frå Kultur- og likestillingsdepartementet skal bidra til vidareføring av prosjektet «Kartlegging av uteområder - kommunesentra og friluftsområder» (1 mill. kr.) og til prosjektet «Drift og vidareutvikling av datasett tilgjenge for uteområde» (1 mill. kr.). Midlane er gjevne på 71-post, men midlar som er brukte til anna enn tilskotsbetaling, er ført på 21-post i samsvar med føring i tildelinga.

### Tildeling kapittel 500, post 21

Midlane er gjevne av Kommunal- og modernisering-departementet. 3 mill. kr er gjevne til å vidareutvikle digitaliseringa av Den norske los og 0,4 mill. kr. er gjevne til kursing av kommunane i digitale planregister.

### Tildeling kapittel 1410, post 22

Midlane er gjevne av Klima- og miljødepartementet til utføring av nasjonal detaljert høgdemodell.

### Tildeling kapittel 1410, post 23

Midlane er gjevne av Klima- og miljødepartementet til gjennomføring av aktivitetar i MAREANO-programmet i tråd med aktivitetsplanen for programmet for 2020 og skildring i Klima- og miljødepartementet sin Prop. 1 S (2019-2020).

Dette er ei årleg budsjettfullmakt/belastningsfullmakt for Kartverket som gjev høve for overføring av ubrukne midlar til neste budsjettår.

### Stikkordet «kan overførast»

Løyvinga til Kartverket på kapittel 595, postane 21, 30 og 45 og 595.45 er gjevne med stikkordet «kan overførast». Beløpet stammar frå tildelingar gjevne innanfor dei to siste budsjett-åra og beløpet inngår som ein del av mogleg beløp som kan overførast til neste budsjettår.

### Stikkordet «kan nyttast under»

Løyvinga til Kartverket på kapittel 595, postane 01 og 21 er gjeven med stikkordet «kan nyttast under». Dette gjev Kartverket høve til å bruke løyving gjeven på kapittel 595, post 01, også under post 21 og 45, og tilsvarende for kapittel 595, post 21, som kan brukast under post 01 og 45. Det er ein føresetnad at det er samsvar mellom innsparing på ein post og meirforbruk på ein annan post.

### Gjevne belastningsfullmakter

Kartverket har gjeve frå seg belastningsfullmakt til Statens innkrevjingsentral i 2020.

## Note C

### Spesifikasjon av mellomverande med statskassa - kontant

Ordinære mellomverandepostar	Konto	31.12.2020	31.12.2019
Andre krav		168	105
Bankinnskot og kontantar		45 195	30 888
Skyldige skattetrekk		-21 140	-21 919
Skuldige offentlege avgifter		-2 651	-3 151
Bankkontoar i valuta (utanfor konsernkontoordninga)		-45 195	-30 888
Anna gjeld		-13 030	-1 663
<b>Sum ordinære mellomverande postar</b>		<b>-36 654</b>	<b>-26 627</b>

Kartverket sine spesielle postar på mellomverande	Konto	31.12.2020	31.12.2019	Estimert utbetalings-tidspunkt
Motteken forskotsbetaling				
Annan forskotsbetaling	2900	-515	-270	
Forskotsbetaling samfinansiering	2902	-99 673	-87 186	I takt med utgiftsføring
<b>Sum spesielle postar</b>		<b>-100 188</b>	<b>-87 456</b>	
<b>Sum kontant mellomverande</b>	<b>1980</b>	<b>-136 842</b>	<b>-114 083</b>	

### SPESIFIKASJON AV SPESIELLE POSTAR

Samfinansieringsprosjekt budsjettert på post 03	Konto	Innbetalt (i bank) forskot per 1.1.2020	Netto rørsle i perioden	Sum inntektsstående på mellomverande
Geovekst vedlikehald	2902	-7 314	-1 013	-8 327
Geovekst etablering	2902	-40 324	218	-40 106
Høgdemodell	2902	-137	-7 029	-7 167
Noreg digitalt	2902	-22 562	1 437	-21 125
Omløpsfotografering	2902	-2 692	-4 631	-7 323
Interkommunalt geodatasamarbeid	2902	-6 701	1 070	-5 632
Diverse prosjekt	2902	-2 335	-2 537	-4 872
Primar	2902	-5 121	0	-5 121
<b>Sum forskot samfinansieringsprosjekt</b>		<b>-87 186</b>	<b>-12 487</b>	<b>-99 673</b>

Kartverket er tildelt følgjande fullmakter for 2020:

#### Romartalsvedtak VI - Meirinntektsfullmakter (jf. Innst. 16 S (2019-2020) vedteken 5.12.2019)

##### Fullmakt til å overskride driftsløyvinga

Kartverket kan overskride driftsløyvinga under kapittel 595, post 01 mot tilsvarende meirinntekter på kapittel 3595, postane 02 og 03.

Kartverket kan overskride driftsløyvinga under kapittel. 595, post 21 mot tilsvarende meirinntekter på kapittel 3595, postane 02 og 03.

Kartverket kan overskride driftsløyvinga under kapittel 595, post 45 mot tilsvarende meirinntekter på kapittel 3595, post 04.

#### Romartalsvedtak IX - Bestillingsfullmakter (jf. Innst. 16 S (2019-2020) vedteken 5.12.2019)

##### Bestillingsfullmakt

Kartverket kan gjere bestillingar av kartgrunnlag utover gjeven løyving på kapittel 595, post 21, men ramma av nye bestillingar og gamalt ansvar ikkje kan overstige 120 mill. kr.

#### Jordobservatoriet i Ny-Ålesund (jf. Romartalsvedtak IX i pkt. over)

##### Bestillingsfullmakt

Kartverket kan pådra staten forpliktingar utover budsjett-året på kapittel 595, post 30 for å gjennomføre prosjektet innanfor styringsramma til Kartverket (P50).

Jf. Prop. 1 S Tillegg 1 (2013-2014), endring av Prop. 1 S (2013-2014) Statsbudsjettet 2014.

#### Romartalsvedtak VIII - Samfinansiering (jf. Innst. 16 S (2019-2020) vedteken 5.12.2019)

Kartverket er gjeve fullmakt til å setje i gang samfinansieringsprosjekt før finansieringa som heilskap er betalt inn til Kartverket, føresett at det er inngått ein bindande avtale med tilstrekkeleg tryggleik om innbetaling mellom partane. Fullmakta er avgrensa til 90 mill. kr. og gjeld utgifter førte på kapittel 595, post 21 mot inntekter førte på kapittel 3595, post 03.

#### Romartalsvedtak VII - Utsett utgifts- og inntektsføring (jf. Innst. 16 S (2019-2020) vedteken 5.12.2019)

##### Innbetalningar i samfinansieringsprosjekt

Kartverket har fullmakt til å plassere innbetalningar motteke frå samfinansierte prosjekt på mellomverande med statskassa fram til dei tilhøyrande utgiftene i prosjektet kjem til utbetaling. Først på utbetalingstidspunktet for utgifta, skal inntekt og utgift rapporterast til statsrekneskapen.

##### Fullmakter etter R-110

Kartverket har fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret i høve til vilkår i R-110, pkt 2.3.

Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr

Kartverket har fullmakt på kapittel 595, postane 01 og 21 i samsvar med vilkår som kjem fram i R-110, pkt 2.2.

##### Mogleg beløp som kan overførast

Kartverket har mindreutgifter på kapittel/post 595.01 med 14,936 mill. kroner og eit meirforbruk på kapittel/post 595.21 med 13,002 mill. kroner i 2020.

Samtidig har vi meirinntekter på kapittel 3595, postane 02 og 03 på til saman 26,508 mill. kroner.

Netto mindreforbruk/meirinntekt på kapittelpostane nemnde over, blir då 28,442 mill. kroner. Beløpet inngår i utrekninga av beløp som er mogleg å overføre til neste år.

Beløpet som står på kapittel 595, post 30 kan overførast med inntil løyvingane dei siste to åra, då stikkordet «kan overførast» er knytt til kapittel/posten.

Beløpet inngår i berekninga av mogleg overførbart beløp til neste år på denne kapittel/posten.

Moglege overføringar til neste år er ei utrekning, og Kartverket får tilbakemelding frå overordna departement om dei endelege beløpa som kan overførast til neste år.

## Note D

### Spesifikasjon av delen utgifter på kapittel 595, postane 01 og 21 som er finansiert ved inntekter frå kapittel 3595, postane 02 og 03

Noten er utarbeidd for å svare ut rapporteringskrav i tildelingsbrevet. Kartverket er bedne om, i eigen note til årsmeldinga, å synleggjere kva del av utgifter på kapittel 595, postane 01 og 21 som er finansierte ved inntekter frå kapittel 3595, postane 02 og 03.

Spesifikasjonen inneheld konkrete lønsutgifter og talet på årsverk.

	Beløp	Talet på årsverk
Delen løn finansiert av inntekter frå kap/post 3595/02 *	30 124	36,4
Delen løn finansiert av inntekter frå kap/post 3595/03 *	27 754	32,6
Delen av andre utgifter på post 01 finansiert av kap/post 3595/02	25 913	**
Delen av andre utgifter på post 01 finansiert av kap/post 3595/03	3 776	
Delen av andre utgifter på post 21 finansiert av kap/post 3595/02	81 078	***
Delen av andre utgifter på post 21 finansiert av kap/post 3595/03	170 402	****

\* Delen løn er inklusive sosiale utgifter (aga, pensjon og feriepengar).

Det er inga vesentleg endring frå 2019, verken i samla beløp eller talet på årsverk finansiert av inntekter på kapittel 3595, postane 02 og 03.

\*\* Delen av utgifter på kapittel post 595.01 som er finansiert av inntekter frå kapittel post 3595.02 har auka med 5,6 mill. kr. frå 2019. Dette har i all hovudsak samanheng med auka sal av norske ENC-ar (Sjø).

\*\*\* Delen av utgifter på kapittel post 595.21 som er finansiert av inntekter frå kapittel post 3595.02 er på same nivå som fjoråret. Utbygging for Bane NOR er noko redusert frå 2019, og det har vore noko lågare aktivitet i Internasjonal teneste som følgje av Covid-19 samanlikna med 2019. Motsett veg er det ein liten auke i salsinntekter og tilhøyrande utgifter knytte til drift av Primar.

\*\*\*\* Inntekter på kapittel post 3595.03 finansierer utgifter, i all hovudsak, på kapittel post 595.21. Nedgangen i utgifter på kapittel post 595.21 finansiert av inntekter frå kapittel post 3595.03 er på om lag 73,5 mill. kroner samanlikna med fjoråret. 36 mill. kroner er knytt til mindre inntekter i dei store prosjekta i Landdivisjonen (Geovekst, NDH og Omløp), der vi hadde ein auke på nesten 25 mill. kroner i 2019. Samfinansierte inntekter og tilhøyrande utgifter knytte til Mareano er redusert med 11 mill. kroner frå 2019, og reduksjon på 27 mill. kroner er knytt til Primar og innbetalingar i Primarsamarbeidet som berre går via valutakonto i 2020. I 2019 hadde vi inntekter og utgifter knytte til oppgjer av 2018 på 27 mill. kroner.

Vi legg til at vi ikkje har eit registreringssystem der desse parametrane går fram direkte. Tala over er baserte på resultateneingane sine innmelde beløp og årsverk.

## Note E

### Spesifikasjon av øyremerkte midlar på kapittel 595, postane 01 og 21

Kapittelpost	Føremål/resultat	Løyving	Rekneskap
595.01	Utvikling av matrikkelen/tinglysing	45 000	49 610
595.01	NRL Utvikling	3 000	2 482
595.21	Marine grunnkart pilot	13 800	9 892
595.21	Nasjonale Detaljert Høgdemodell	46 000	55 944
595.21	RNB, framskunding av høgdemodellen	13 000	13 000
595.21	RNB, Kyst og hamner	12 000	7 776
<b>595</b>	<b>Sum øyremerkte midlar</b>	<b>132 800</b>	<b>138 704</b>

NB! Løyvd beløp er ekskl. prisjustering. Resultata er nærare skildra i del 3.

## Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2020

	31.12.2020	31.12.2019
<b>Driftsinntekter rapportert til løyvingsrekneskapen</b>		
Innbetalningar frå gebyr	489 710	440 623
Innbetalningar frå tilskot og overføringar	32	450
Sals- og leigeinnbetalingar	385 919	451 580
Andre innbetalingar	337	0
<b>Sum innbetalingar frå drift</b>	<b>875 998</b>	<b>892 653</b>
<b>Driftsutgifter rapportert til løyvingsrekneskapen</b>		
Utbetalningar til løn	633 543	616 616
Andre utbetalningar til drift	610 457	641 646
<b>Sum utbetalningar til drift</b>	<b>1 244 000</b>	<b>1 258 263</b>
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>	<b>368 002</b>	<b>365 610</b>
<b>Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>		
Innbetaling av finansinntekter	487	146
<b>Sum investerings- og finansinntekter</b>	<b>487</b>	<b>146</b>
<b>Investerings- og finansutgifter rapportert til løyvingsrekneskapen</b>		
Utbetaling til investeringar	80 668	97 552
Utbetaling til kjøp av aksjar	0	0
Utbetaling av finansutgifter	804	376
<b>Sum investerings- og finansutgifter</b>	<b>81 472</b>	<b>97 929</b>
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>	<b>80 984</b>	<b>97 783</b>
<b>Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>		
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	11 242 762	10 301 206
<b>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>	<b>11 242 762</b>	<b>10 301 206</b>
<b>Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>		
Utbetaling av tilskot og stønader	967	1 001
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	967	1 001
<b>Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel</b>		
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kapittel 5309, inntekt)	0	0
Arbeidsgjevaravgift konto 1986 (ref. kapittel 5700, inntekt)	-74 391	-73 348
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kapittel 1633, utgift)	1 804	1 719
<b>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</b>	<b>-72 587</b>	<b>-71 629</b>
<b>Netto rapportert til løyvingsrekneskapen</b>	<b>-10 865 397</b>	<b>-9 908 442</b>
<b>Oversikt over mellomverande med statskassa</b>		
<b>Eigedelar og gjeld</b>		
Fordringar	168	106
Kontantar	0	0
Bankkontoar (valuta) med statlege midlar utanfor Noregs Bank	45 195	30 888
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-21 141	-21 919
Skuldige offentlege avgifter	-2 651	-3 151
Motteken forskotsbetaling	-100 188	-87 456
Bankkontoar (valuta) med statlege midlar utanfor Noregs Bank (motkonto) *	-45 195	-30 888
Anna gjeld	-13 030	-1 663
<b>Sum mellomverande med statskassa</b>	<b>-136 842</b>	<b>-114 083</b>

\*Beløpet knytter seg til gjeld til medlemslanda i Primarsamarbeidet, som ikkje er ein del av rekneskapen for Kartverket. Rekneskapslinja må ein sjå i samanheng med rekneskapslinja «Bankkontoar (valuta) med statlege midlar utanfor Noregs Bank», 45,195 mill. kr., som ikkje inngår i statens konsernkontoordning.

## Verksemdsrekneskapen

Rekneskapsprinsipp for verksemdsrekneskapen avlagt i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS)

Markeringa av oppstarten på pilotprosjektet Marine grunnkart i kystsona på Sunnmøre i august 2020. På Skansekaia i Ålesund, frå venstre direktør Birte Noer Borrevik, Kartverket, kommunikasjonsrådgivar Anne Jørgensen, Kartverket, prosjektleiari Hanne Hodnesdal, Kartverket, kartverkssjef Johnny Welle, lagleiar og forskar Reidulv Bøe i NGU og avdelingsdirektør for marin infrastruktur, Njål Tengs Hagir, Kartverket.  
Foto: Bjørn-Owe Holmberg

----->



Kartverket innførte frå 2017 bruk av SRS for verksemdsrekneskapen sin. Resultatrekneskapen for 2020, og tilhøyrande notar, inneheld samanlikningstal for 2019. Verksemdsrekneskapen er sett opp i samsvar med gjeldande SRS.

### Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar blir resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt blir resultatført når ho er opptent. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leverings-tidspunktet der overføring av risiko og kontroll er overført til kjøpar. Sal av tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

### Inntekter frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar

Inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar blir resultatførte i den perioden då aktivitetane som inntektene er føresette å finansiere er utførte, det vil seie i same perioden som kostnadene tek til å gjelde (motsett samanstilling).

Kartverket har i 2020 teke i bruk oppdatert SRS 10. Rekneskapslinja Statens finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel i balansen er fjerna som følgje av forenkling av inntektsføring av løyving i SRS 10. Det inneber at vi ikkje lenger set av for den delen av inntekt frå løyvingar og tilsvarande som blir brukte til anskaffing av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel i balansen på konto 2150 Staten si finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel. Per 1. januar 2020 vart saldo på konto 2150 overført til underkonto 1990 Avrekna med statskassa – andre tidsavgrensingspostar (IB), og sammanlikningstall for 2019 er endra tilsvarande. Presentasjonen av inntekt frå løyving i note 1 er og forenkla som følgje av denne endringa.

SRS 3 regulerer prinsippendringar. Kartverket har gjennomført prinsippendringa i samsvar med punkt 4 og 5. Som følgje av endring i regelverket, vil ikkje gjeldssida i balansen vise korrekte samanlikningstal frå 2019.

Bruttobudsjetterte verksemder, som Kartverket, har såleis fått ei forenkla praktisering av prinsippet om motsett samanstilling, ved at inntekt frå løyvingar blir berekna som differansen mellom kostnadene i perioden og opptente transaksjonsbaserte inntekter og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultat av aktivitetane i perioden blir null.

Kartverket krev inn dokumentavgift på vegner av staten, men denne inngår ikkje i Kartverket sitt driftsresultat.

### Kostnader

Kostnader som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i same periode som tilhøyrande inntekt.

Kostnader som blir finansierte med inntekt frå løyving og inntekt frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i takt med at aktivitetane er gjennomførte og ressursane er forbrukte.

### Pensjonar

SRS 25 Ytingar til tilsette legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemder skal ikkje balanseføre netto pensjonsforpliktingar for ordningar til Statens pensjonskasse (SPK).

Verksemda resultatfører arbeidsgjevareld av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

### Leigeavtalar

Verksemda har nytta forenkla metode i SRS 13 om leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

### Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmiddel består av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel. Anleggsmiddel er varige og monalege eigedelar som verksemda disponerer. Med varige eigedelar meiner vi eigedelar med utnyttbar levetid på tre år eller meir. Med monalege eigedelar forstås vi eigedelar med anskaffingskost på kr 50 000 eller meir. Anleggsmiddel er balanseførte til anskaffingskost fråtrekt avskrivningar.

Kontorinventar og datamaskiner (PC-ar, tenarar m.m.) med utnyttbar levetid på tre år eller meir, er balanseførte som egne grupper.

### Egenutvikling av programvare

Immaterielle eigedelar som gjeld programvarelisensar og eigenutvikla programvare med utnyttbar levetid over tre år, er balanseført som eiga gruppe. Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Utgifter som gjeld bruk av egne tilsette knytt til applikasjonsutviklingsfasen ved utvikling av programvare, er ikkje balanseført.

Anleggsmiddel blir nedskrive til verkeleg verdi ved endra bruk (bruksendring) eller utnytting, dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

### Anlegg og immaterielle eigedelar under utføring

Eigedelar under utføring blir vurderte ved kvar periode-avslutning og omgrupperte til riktig eigedelsklasse ved ferdigstilling. Anlegg under utføring blir ikkje avskrive.

### Investeringar i aksjar og partar

Investeringar i aksjar og partar er balanseført til Kartverket sin del av egenkapitalen ved fastsetjing av opningsbalansen (kostpris). Investeringar i aksjar og partar er vurdert til lågaste verdi av balanseført verdi og verkeleg verdi. Dette gjeld både langsiktige og kortsiktige investeringar. Motteke utbyte og andre utdelingar er inntektsførte som anna finansinntekt.

### Klassifisering og vurdering av omløpsmiddel og kortsiktig gjeld

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omløpsmiddel vurderast til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

### Behaldning av varer og driftsmateriell

Behaldningar omfattar varer for sal og driftsmateriell som blir brukt i eller utgjør ein integrert del av verksemda si offentlege tenesteyting. Innkjøpte varer er verdsette til anskaffingskost ved bruk av metoden først inn, først ut (FIFO). Behaldningar av varer er verdsette til det lågaste av anskaffingskost og netto realisasjonsverdi. Behaldningar av driftsmateriell er verdsette til anskaffingskost.

### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

### Valuta

Kartverket har tre bankkontoar i valuta. Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte til kursen ved slutten på rekneskapsåret. Her er spotkursen frå Noregs Bank per 31. desember lagt til grunn.

### Staten sin kapital

Staten sin kapital utgjør nettobeløpet av eigedelar og gjeld i verksemda, og går fram i rekneskapslinja for avrekningar i balanseoppstillinga. Bruttobudsjetterte verksemder presenterer ikkje konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskot. Konsernkontoane inngår i rekneskapslinja avrekna med statskassa.

### Avrekningar

For bruttobudsjetterte verksemder som Kartverket, er nettobeløpet av alle balansepostar finansierte av «Avrekna med statskassa». Kartverket presenterer ikkje konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskot. Konsernkontoane inngår i «Avrekna med statskassa».

### Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten

Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten blir presenterte etter kontantprinsippet.

### Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten

Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten blir presenterte etter kontantprinsippet.

### Statlege rammevilkår

#### Sjølvassurandørprinsippet

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er følgjelekk ikkje inkludert postar i balanse eller resultatrekneskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktingar.

#### Konsernkontoordninga til staten


Statlege verksemder omfattast av konsernkontoordninga til staten. Konsernkontoordninga vil seie at alle innbetalingar og utbetalingar dagleg gjerast opp mot oppgjerskontoane verksemda har i Noregs Bank.

Bruttobudsjetterte verksemder som Kartverket, tilførast ikkje likvidar gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. For bruttobudsjetterte verksemder nullstillast saldoen på den enskilde oppgjerskonto i Noregs Bank ved overgang til nytt rekneskapsår.

## Resultatrekneskap

	Note	31.12.2020	31.12.2019
<b>Driftsinntekter</b>			
Inntekt frå løyvingar	1	423 086	462 695
Inntekt frå tilskot og overføringar	1	32	450
Inntekt frå gebyr	1	492 898	440 170
Sals- og leigeinntekter	1	375 428	428 847
Andre driftsinntekter	1	212	0
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>1 291 657</b>	<b>1 332 163</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Varekostnader	17	315 416	375 659
Lønskostnader	2	621 032	622 331
Avskrivningar på varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	3,4	89 539	82 134
Nedskrivningar av varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	3,4	0	0
Andre driftskostnader	5	265 353	251 809
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>1 291 340</b>	<b>1 331 933</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>317</b>	<b>230</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Finansinntekter	6	487	146
Finanskostnader	6	804	376
<b>Sum finansinntekter og finanskostnader</b>		<b>-317</b>	<b>-230</b>
<b>Resultat av perioden sine aktivitetar</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Avrekningar og disponeringar</b>			
Avrekning med statskassa (bruttobudsjetterte)	7	0	0
<b>Sum avrekningar og disponeringar</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>			
Avgifter og gebyr direkte til statskassa	8	11 242 762	10 301 206
Avrekning med statskassa innkrevjingsverksemd	8	11 242 762	10 301 206
<b>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>			
Tilskot til andre	9	967	1 001
Avrekning med statskassa tilskotsforvaltning	9	967	1 001
<b>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>		<b>0</b>	<b>0</b>

Det er over 30 år sidan den 1630 kilometer lange riksgrensa mellom Noreg og Sverige sist vart gått opp. Grensa er Europas lengste riksgrense på land mellom to nasjonar. Kartverket har fått i oppdrag å måle inn riksrøysene med moderne utstyr.  
Foto: Tor Erik Bakke.



## Balanse

EIGEDLAR	Note	31.12.2020	31.12.2019
<b>A. ANLEGGSMIDDEL</b>			
<b>I Immaterielle egedelar</b>			
Programvare og liknande rettar	3	163 879	182 135
Immaterielle egedelar under utføring	3	25 442	16 267
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>189 320</b>	<b>198 402</b>
<b>II Varige driftsmiddel</b>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	4	53 791	52 938
Maskiner og transportmiddel	4	35 173	41 437
Driftslausøyre, inventar, verktoy og liknande	4	68 975	67 896
Anlegg under utføring	4	141 152	138 892
Infrastrukturegedelar	4	8 150	8 176
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>307 241</b>	<b>309 340</b>
<b>III Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i aksjar og partar	10	149	149
Obligasjonar		0	0
Andre fordringar		0	0
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>149</b>	<b>149</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>496 710</b>	<b>507 891</b>
<b>B. OMLØPSMIDDEL</b>			
<b>I Behaldningar av varer og driftsmateriell</b>			
Behaldningar av varer og driftsmateriell	11	932	573
<b>Sum behaldning av varer og driftsmateriell</b>		<b>932</b>	<b>573</b>
<b>II Fordringar</b>			
Kundefordringar	12	24 356	21 235
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	13	28 460	37 981
Andre fordringar	14	30 472	24 545
<b>Sum fordringar</b>		<b>83 289</b>	<b>83 760</b>
<b>III Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot	15	45 081	30 437
Kontantar og liknande	15	0	0
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>45 081</b>	<b>30 437</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>129 302</b>	<b>114 771</b>
<b>Sum egedelar drift</b>		<b>626 012</b>	<b>622 662</b>
<b>IV Krav som gjeld innkrevjingsverksemd og andre overføringar</b>			
Kundekrav, tinglysing	12	17 094	14 410
<b>Sum krav som gjeld innkrevjingsverksemd og andre overføringar</b>		<b>17 094</b>	<b>14 410</b>
<b>Sum egedelar</b>		<b>643 106</b>	<b>637 073</b>

STATEN SIN KAPITAL OG GJELD	Note	31.12.2020	31.12.2019
<b>C. STATEN SIN KAPITAL</b>			
<b>I Verksemdskapital</b>			
<b>Sum verksemdskapital</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>II Avrekningar</b>			
Avrekna med statskassa (bruttobudsjetterte)	7	298 899	279 012
<b>Sum avrekningar</b>		<b>298 899</b>	<b>279 012</b>
<b>Sum staten sin kapital</b>		<b>298 899</b>	<b>279 012</b>
<b>D. GJELD</b>			
<b>I Avsetning for langsiktige plikter</b>			
Avsetningar langsiktige plikter		0	0
<b>Sum avsetning for langsiktige plikter</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>II Anna langsiktig gjeld</b>			
Anna langsiktig gjeld		0	0
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>III Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	7	25 236	23 996
Skyldig skattetrekk	7	19 643	21 015
Skyldige offentlege avgifter	7	11 905	12 429
Avsette feriepengar	7	50 582	50 398
Motteke forskotsbetaling	7,13	96 064	83 128
Anna kortsiktig gjeld	7,16	140 776	167 094
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>344 207</b>	<b>358 061</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>344 207</b>	<b>358 061</b>
<b>Sum staten sin kapital og gjeld</b>		<b>643 106</b>	<b>637 073</b>

## Note 1

### Driftsinntekter

Inntekt frå løyvingar *	31.12.2020	31.12.2019
Inntekt frå løyving frå overordna departement*	363 995	397 233
Inntekt frå løyvingar andre departement, andre belastningsfullmakter	13 362	17 117
Inntekt frå løyving belastningsfullmakt Mareano	45 730	48 345
<b>Sum inntekt frå løyvingar</b>	<b>423 086</b>	<b>462 695</b>

\* Etter dei statlege rekneskapsstandardane bereknar ein inntekt frå løyvingar for bruttobudsjetterte verksemdar som differansen mellom kostnader og opptente transaksjonsbaserte inntekter i perioden og eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultat av aktivitetane i perioden blir null.

For informasjon om mottekne løyvingar sjå oppstilling av løyvingsrapportering. Samanlikningstal for 2019 er endra grunna forenkla praktisering av prinsippet om motsett sammenstilling.

\*\* Frå 2020 er dette ein del av avrekna med staten - andre tidsavgrensingar, men vi har valt å vise 2019-tala etter gamalt prinsipp.

### Inntekt frå tilskot og overføringar

	31.12.2020	31.12.2019
Tilskot frå andre statlege verksemdar	32	450
<b>Sum inntekt frå tilskot og overføringar</b>	<b>32</b>	<b>450</b>

### Inntekt frå gebyr

Gebyr tinglysing fast eigedom	424 793	378 531
Gebyr tinglysing i delar i burettslag	68 105	61 640
<b>Sum inntekt frå gebyr</b>	<b>492 898</b>	<b>440 170</b>

### Sals- og leigeinntekter

Samfinansiering	194 728	237 745
Andre sal og leigeinntekter	180 700	191 103
<b>Sum sals- og leigeinntekter</b>	<b>375 428</b>	<b>428 847</b>

### Andre driftsinntekter

Vinst ved avgang anleggsmiddel	212	0
<b>Sum andre driftsinntekter</b>	<b>212</b>	<b>0</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 291 657</b>	<b>1 332 163</b>

## Note 2

### Lønskostnader

	31.12.2020	31.12.2019
Løn	440 031	437 929
Feriepengar	50 936	52 054
Arbeidsgjevaravgift	74 276	73 280
Pensjonskostnader og andre refusjonar (-)	68 074	67 663
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-18 658	-15 373
Andre ytingar	6 373	6 779
<b>Sum lønskostnader</b>	<b>621 032</b>	<b>622 331</b>
<b>Talet på utførte årsverk**:</b>	<b>767</b>	<b>769</b>

### \* Nærare om pensjonskostnader

Premiesats for 2020 er 14,6 %. Premiesatsen for 2019 var 14,1 %. Begge satsar eksklusive tilsett delen på 2 %.

\*\* Definisjon av utførte årsverk i samsvar med PM-2019-13 er lagd til grunn i årsrapporten, jf. SRS-25.

## Note 3

### Immaterielle eigedelar

	Programvare og liknande rettar	Immaterielle eigedelar under utføring	Sum
Anskaffingskost 01.01.2020	317 991	16 267	334 258
Tilgang i 2020	16 466	22 161	38 628
Avgang anskaffingskost i 2020 (-)	0	0	0
Frå immaterielle eigedelar under utføring til anna gruppe i 2020	13 044	-12 987	57
<b>Anskaffingskost 31.12.2020</b>	<b>347 501</b>	<b>25 442</b>	<b>372 943</b>
Akkumulerte nedskrivningar 01.01.2020	0	0	0
Nedskrivningar i 2020	0	0	0
Akkumulerte avskrivningar 01.01.2020	135 856	0	135 856
Ordinære avskrivningar i 2020	47 766	0	47 766
Akkumulerte avskrivningar avgang i 2020 (-)	0	0	0
<b>Balanseført verdi 31.12.2020</b>	<b>163 879</b>	<b>25 442</b>	<b>189 320</b>

Avskrivingssatsar (levetider)	3–10 år lineært	Inga avskrivning	
-------------------------------	-----------------	------------------	--



## Note 4

## Varige driftsmiddel

	Tomter	Bygningar og annan fast eiendom	Maskiner og transportmiddel	Drifts- lausøyre, inventar, verktoy o.l.	Anlegg under utføring	Infrastruktur egedelar	Sum
Anskaffingskost 01.01.2020	0	73 286	204 561	169 921	138 892	21 983	608 642
Tilgang i 2020	0	2 321	1 048	22 296	13 152	1 038	39 854
Avgang anskaffingskost i 2020 (-)	0	0	-1 452	0	0	0	-1 452
Frå anlegg under utføring til anna gruppe i 2020	0	1 737	681	5 912	-10 892	2 505	-57
<b>Anskaffingskost 31.12.2020</b>	<b>0</b>	<b>77 343</b>	<b>204 838</b>	<b>198 129</b>	<b>141 152</b>	<b>25 525</b>	<b>646 987</b>
Akkumulerte nedskrivningar 01.01.2020	0	0	0	0	0	0	0
Nedskrivningar i 2020	0	0	0	0	0	0	0
Akkumulerte avskrivningar 01.01.2020	0	20 347	163 123	102 025	0	13 807	299 302
Ordinære avskrivningar i 2020	0	3 205	7 869	27 130	0	3 569	41 773
Akkumulerte avskrivningar avgang i 2020 (-)	0	0	-1 328	0	0	0	-1 328
<b>Balanseført verdi 31.12.2020</b>	<b>0</b>	<b>53 791</b>	<b>35 173</b>	<b>68 975</b>	<b>141 152</b>	<b>8 150</b>	<b>307 241</b>

Avskrivingsattsar (levetider)	Inga avskrivning	10–60 dekomponert lineært	3–40 år lineært	3–15 år lineært	Inga avskrivning	Verksemds-spesifikt
-------------------------------	------------------	---------------------------	-----------------	-----------------	------------------	---------------------

## Avhending av varige driftsmiddel i 2020:

Salssum ved avgang anleggsmiddel			337				337
- Bokført verdi avhenda anleggsmiddel			-124				-124
<b>= Rekneskapsmessig vinst/tap</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>212</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>212</b>

## Note 5

## Andre driftskostnader

	31.12.2020	31.12.2019
Leige lokale	56 681	54 802
Andre kostnader lokale	12 382	12 883
Leige av maskiner, inventar og liknande	43 011	39 390
Mindre utstyrsanskaffingar	2 840	2 819
Reparasjon og vedlikehald av bygningar og leigde lokale	694	73
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr med vidare	10 757	6 986
Kjøp av konsulenttenester *	45 434	25 751
Kjøp av framande tenester *	22 821	24 586
Kjøp av andre framande tenester *	33 672	38 339
Driftsmateriell	3 335	3 905
Reiser og diett	8 307	16 333
Royalties	2 852	-1 020
Tap og liknande	791	118
Andre driftskostnader	21 775	26 844
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>265 353</b>	<b>251 809</b>

## \* Konsulenttenester og andre framande tenester er presenterte separat.

Kartverket nyttar eksterne konsulentar til både utvikling og driftsoppgåver. Konsulentane blir brukte til kompetanseheving, som ekstra ressursar i krevjande periodar og til oppgåver som Kartverket ikkje har kompetanse på sjølv. I takt med digitaliseringa krev også IKT-området fleire ressursar, meir generell kompetanse og spesiell kompetanse innanfor fagfelt/område. Kartverket vurderer jamleg bruk av konsulentar opp mot eventuelle nyttilsetjingar. Det er i tillegg fokus på kurs og intern kompetanseheving.

Samla har Kartverket brukt konsulentar for totalt 101,9 mill. kroner i 2020. Dette er ein auke på 13,3 mill. kr. frå 2019. Det er i all hovudsak kjøp av konsulenttenester, dvs. spesialkompetanse som Kartverket ikkje sjølv har, som har auka. Det er blant anna brukt mykje ekstern konsulentbistand i samband med prosjekta Marine grunnkart pilot, hamnedata, Sikkerhet 2021 og noko på Matrikelområdet for å nemne de største prosjekta. Konsulentar er også brukte i mindre prosjekt og til utgreingar og samfunnsøkonomiske analysar.

Kjøp av framande tenester, dvs innleige, kjøp av tenester til løpande driftsoppgåver IKT og løns- og rekneskapsstenester, er gått ned med 6,4 mill. kr. frå 2019. Inkludert i kjøp av andre framande tenester på 33,672 mill. kr. ligg også Kartverket sin bruk av interne ressursar med 15,6 mill. kr. Dette er bruk av Kartverket sine egne tilsette til gjennomføring av oppgåver der vi har fått budsjettfullmakter/belastningsfullmakter frå andre departement (11,8 mill. kr.), og til drift av Primar (3,8 mill. kr.), der Kartverket har driftsansvaret for heile samarbeidet.

## Tilleggsinformasjon om operasjonelle leigeavtalar

GJENVERANDE VARIGHEIT	TYPE EIGEDEL					
	Immaterielle egedelar	Tomter, bygningar og annan fast eiendom	Maskiner og transportmiddel	Driftslausøyre, inventar, verktoy og liknande	Infrastruktur-eigedelar	Sum
Varigheit inntil 1 år	23 380	13	704	409	1 307	25 812
Varigheit 1–5 år	17 147	20 819			64	38 030
Varigheit over 5 år		35 850				35 850
<b>Kostnadsført leigebetalning for perioden</b>	<b>40 527</b>	<b>56 681</b>	<b>704</b>	<b>409</b>	<b>1 371</b>	<b>99 692</b>

Kartverket har sju leigeavtalar som gjeld over fem år. Dette gjeld husleigeavtalar i Hønefoss, Steinkjer, Vadsø, Hamar, Bergen, Trondheim og Kinsarvik. Leigeavtalar Kartverket har, knytte til immaterielle egedelar gjeld årlege lisensar og vedlikehaldsavtalar til datasystem. Mange av desse avtalane er løpande avtalar med rom for oppseiing innan 3 månader. Desse leigeavtalane er lagde i kategorien «Varigheit inntil 1 år».

## Note 6

## Finansinntekter og finanskostnader

	31.12.2020	31.12.2019
<b>Finansinntekter</b>		
Renteinntekter	0	0
Valutavinst (agio)	487	146
Anna finansinntekt	0	0
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>487</b>	<b>146</b>
<b>Finanskostnader</b>		
Rentekostnad	2	5
Valutatap (disagio)	740	323
Annan finanskostnad	61	49
<b>Sum finanskostnader</b>	<b>804</b>	<b>376</b>



Kartverket og Stavanger kommune laga i samarbeid eit bli kjent-kart over nye Stavanger kommune, som alle 11-åringane i kommunen fekk til odel og eie. Rektor Per Tore Hellingen ved Kvaleberg skule, ordførar Kari Nessa Nordtun og direktør sjø Birte Noer Borrevik.  
Foto: Tove Sæther Hagland/Stavanger kommune

## Note 7 A

## Samanheng mellom avrekna med statskassa og mellomverande med statskassa (bruttobudsjetterte verksemder)

A) Avrekna med statskassa	31.12.2020	31.12.2019	Endring*
<b>Avrekna med statskassa i balansen</b>	<b>298 899</b>	<b>279 012</b>	<b>19 887</b>

Bakgrunnen for at resultatet for perioden ikkje er lik endring i avrekna med statskassen i balansen for bruttobudsjetterte verksemder er at konsern-kontoane i Noregs Bank er med som ein del av avrekna med statskassen i balansen. I tillegg tek ein omsyn til enkelte transaksjonar som ikkje er knytte til drift av verksemda og transaksjonar som ikkje medfører ut- eller innbetaling. Nedanfor er vist dei ulike postane som er grunnen til at endring i avrekna med statskassa i balansen ikkje er lik resultatet for perioden.

## Avstemming av endring i avrekna med statskassa (kongruensavvik)

Konsernkontoar i Noregs Bank	tal i hele kr
Konsernkonto utbetaling	-1 283 161 196
Konsernkonto innbetaling	12 171 317 151
<b>Netto trekk konsernkonto</b>	<b>10 888 155 955</b>
<b>Innbetalingar og utbetalingar som ikkje er del av drifta i verksemda (er gjennomstrøymingspostar)</b>	
- Innbetaling innkrevjingsverksemd og andre overføringar	-11 242 762 457
+ Utbetaling tilskotsforvaltning og andre overføringar	967 051
<b>Bokføringar som ikkje går over bankkonto, men direkte mot avrekning med statskassa</b>	
+ Inntektsført frå løyving (underkonto 1991 og 1992)	423 085 911
- Gruppeliv/arbeidsgjevaravgift (underkonto 1985 og 1986)	-74 391 079
+ Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift (underkonto 1987)	1 803 166
<b>Andre avstemmingspostar</b>	
Spesifikasjon av andre avstemmingspostar **	-16 745 997
<b>Forskjell mellom resultatført og netto trekk på konsernkonto</b>	<b>-19 887 451</b>
Resultat av aktivitetane i perioden før avrekning med statskassa	0
<b>Sum endring i avrekna med statskassa*</b>	<b>-19 887 451</b>

\* Sum endring i avrekna med statskassa skal stemme med sum i endringskolonnen ovanfor.

\*\* Spesifikasjon av andre avstemmingspostar: Endring pensjon som følgje av føringar gjevne i R-118 - korrigerer gamal IB, og konto 1941 Nordea utbet. knytt til periodeforsking utbetaling 2019/2020.

## Note 7 B

### Samanheng mellom avrekna med statskassa og mellomverande med statskassa (bruttobudsjetterte verksemder)

	31.12.2020	31.12.2020	
	Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	Spesifisering av rapportert mellomverande med statskassa	Forskjell
<b>Immaterielle eigedelar, varige driftsmiddel og finansiering av desse</b>			
Immaterielle eigedelar	189 320	0	189 320
Varige driftsmiddel	307 241	0	307 241
<b>Sum</b>	<b>496 561</b>	<b>0</b>	<b>496 561</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i aksjar og partar	149	0	149
Obligasjonar	0	0	0
Andre fordringar	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>149</b>	<b>0</b>	<b>149</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
Behaldningar av varer og driftsmateriell	932	0	932
Kundefordringar	24 356	0	24 356
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	28 460	0	28 460
Andre fordringar	30 472	168	30 305
Bankinnskott, kontantar og liknande	45 081	45 195	-114
Krav som gjeld innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	17 094		17 094
<b>Sum</b>	<b>146 396</b>	<b>45 362</b>	<b>101 033</b>
<b>Langsiktige forpliktingar og gjeld</b>			
Avsetningar langsiktige plikter	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	-25 236	0	-25 236
Skyldig skattetrekk	-19 643	-21 141	1 498
Skyldige offentlege avgifter	-11 905	-2 651	-9 254
Avsette feriepengar	-50 582	0	-50 582
Motteken forskotsbetaling	-96 064	-100 188	4 124
Bankkontoar valuta	0	-45 195	45 195
Anna kortsiktig gjeld	-140 776	-13 030	-127 746
Gjeld knytt til tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>-344 207</b>	<b>-182 205</b>	<b>-162 002</b>
<b>Sum</b>	<b>298 899</b>	<b>-136 842</b>	<b>435 741</b>

Mellomverande med statskassa består av kortsiktige fordringar og gjeld som etter økonomiregelverket er rapportert til statsrekneskapen (S-rapport). Avrekna med statskassa viser finansieringa av netto eigedelar og gjeld i verksemda.

## Note 8

### Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten

	31.12.2020	31.12.2019
Dokumentavgift	11 240 926	10 299 626
Renter dokumentavgift	1 521	1 580
Renteinntekter til statskassa	315	0
<b>Sum avgifter og gebyr direkte til statskassa</b>	<b>11 242 762</b>	<b>10 301 206</b>

Kartverket si innkrevjingsverksemd av avgifter og gebyr er presentert i høve til kontantprinsippet.

#### Innkrevjing av dokumentavgift

Det har vore høg aktivitet i eigedomsmarknaden også 2020. I 2020 er det kravd inn dokumentavgift for litt over 11,2 mrd. kr, mot tilsvarande 10,3 mill. kr. i 2019. Dette tilsvarer ein auke på nesten 8,4 % frå 2019. Auken frå 2018 til 2019 var tilsvarande på ca 9 %.

Når det gjeld sjølve innkrevjinga eller innfordringa, vart det sendt 780 (783 i 2019) fakturaer til Statens innkrevjingsentral i 2020. Desse fakturaene inneheld både krav på dokumentavgift, tinglysingsgebyr og renter.

Dokumentavgifta utgjer 2,5 % av avgiftsgrunnlaget, og hovudregelen er at salspris på eigedomen utgjer avgiftsgrunnlaget. Auken i innbetalt dokumentavgift i 2020 kjem delvis av ein priseffekt som følgje av prisstiging på bustader og delvis ei mengdeeffekt som følgje av fleire eigedoms-overdragingar. Salsverdien på eigedomane aukar framleis, og i 2020 har talet på bustadsal samla sett auka med 6,7 % og talet på hyttesal auka med over 25 % samanlikna med 2019. Talet på rettsstiftingar auka med nærare 5 % frå 2019, noko som gav stort utslag på aktivitetsnivået i tinglysinga.

## Note 9

### Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten

	31.12.2020	31.12.2019
Tilskot	967	1 001
<b>Sum tilskot til andre</b>	<b>967</b>	<b>1 001</b>

Kartverket har gjeve tilskot til kommunar, via belastningsfullmakt 0352.71 motteken frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Midlane skal bidra til vidare arbeid og utvikling av to prosjekt knytte til uteområde. Kartverket sine tilskot til andre er presenterte i samsvar med kontantprinsippet.

## Note 10

### Investeringar i aksjar og lutar

	Ervervs- dato	Talet på aksjar	Eigardel	Røyste- del	Årets resultat i selskapet	Balanse- ført eigen- kapital i selskapet	Balanse- ført verdi kapital- rekne- skapen	Balanseført verdi verk- semds- rekneskapen
<b>Aksjar</b>								
Framsenteret Drift AS	1999	14	11,48 %	0,0 %	556	2 874	14	149
<b>Balanseført verdi 31.12.2020</b>							<b>14</b>	<b>149</b>

Aksjane er bokførte til anskaffingskost i kapitalrekneskapen.

## Note 11

## Behaldningar av varer og driftsmateriell

Innkjøpskost	31.12.2020	31.12.2019
Råvarer og innkjøpte halvfabrikata *	932	573
<b>Sum innkjøpskost</b>	<b>932</b>	<b>573</b>
Ukurans		
Ukurans i råvarer og innkjøpte halvfabrikata	0	0
<b>Sum ukurans</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum behaldningar av varer og driftsmateriell</b>	<b>932</b>	<b>573</b>

\* Behaldninga knyter seg til bunkring av drivstoff til målebåten Hydrograf.

## Note 12

## Kundefordringar

	31.12.2020	31.12.2019
Kundefordringar Kartverket*	24 441	21 235
Avsett til forventa tap (-)	-85	0
<b>Sum kundefordringar</b>	<b>24 356</b>	<b>21 235</b>
Kartverket sine kundefordringar tinglysingsgebyr**	17 094	14 410
<b>Sum fordringar som gjeld innkrevjingsverksemd og andre overføringar</b>	<b>17 094</b>	<b>14 410</b>

\* Dette gjeld i all hovudsak kundefordringar knytte til sal av elektroniske sjøkart frå Primar.

\*\* Fordringar som gjeld innkrevjingsverksemd og andre overføringar er skilde ut i eige avsnitt i balansen frå 2020, jf delkapittel IV i balanseoppstilling eignedelar.

## Note 13

## Opptente, ikkje fakturerte inntekter / Motteke forskotsbetaling

Opptente, ikkje fakturerte inntekter (fordring)	31.12.2020	31.12.2019
Opptente, ikkje fakturerte driftsinntekter	28 460	37 981
<b>Sum opptente, ikkje fakturerte inntekter*</b>	<b>28 460</b>	<b>37 981</b>

Motteke forskotsbetaling (gjeld)	31.12.2020	31.12.2019
----------------------------------	------------	------------

## Motteke forskotsbetaling:

Geovekst vedlikehald	8 327	7 340
Geovekst etablering	38 591	34 119
Ny nasjonal høgdemodell	4 617	4 996
Noreg digitalt	21 125	22 562
Omløpsfotografering	7 729	2 323
Interkommunalt geodatasamarbeid	5 632	6 770
Internasjonale bistandsprosjekt	247	285
Diverse prosjekt	9 797	4 733
<b>Sum motteke forskotsbetaling **</b>	<b>96 064</b>	<b>83 128</b>

\* Saldo per 31.12.2020 består av krav tilhøyrande fleire prosjekt, der dei mest vesentlege prosjekta er Geovekst etablering av FKB-data, internasjonale bistandsprosjekt, produksjon av nautiske kart og info-tenester og andre Primartenester.

\*\* Motteken forskotsbetaling knyter seg til fleire samfinansierte prosjekt der samarbeidspartar har betalt inn midlar på forskot. Prosjekta er lista over. Saldo per 31.12.2020 består av motteke forskotsbetalingar tilhøyrande fleire prosjekt, der dei mest vesentlege prosjekta er Geovekst etablering og vedlikehald av FKB-data, Norge Digitalt, Omløpsfotografering.

## Note 14

## Andre kortsiktige fordringar

	31.12.2020	31.12.2019
Personallån	167	105
Forskotsbetalt leige *	18 104	17 792
Andre forskotsbetalte kostnader	8 683	3 333
Andre fordringar	3 517	3 314
<b>Sum andre kortsiktige fordringar</b>	<b>30 472</b>	<b>24 545</b>

\* Beløpet knyter seg til forskotsbetalte husleiger og lisensar.

## Note 15

## Bankinnskot, kontantar og liknande

	31.12.2020	31.12.2019
Andre bankkontoar	45 081	30 437
Kontantbehaldningar	0	0
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>	<b>45 081</b>	<b>30 437</b>

Dette gjeld valutakontoar som er utanfor staten si konsernkontoordning.

Frå og med 2019 har inn- og utbetalingar knytte til Primar Renc blitt førte på valutakonto i USD.

## Note 16

## Anna kortsiktig gjeld

	31.12.2020	31.12.2019
Skuldig løn	24 354	25 159
Anna gjeld til tilsette	362	352
Påkomne kostnader *	51 232	78 136
Avsett pensjonspremie til SPK, arbeidsgjevardel **	0	16 748
Anna kortsiktig gjeld ***	64 828	46 699
<b>Sum anna kortsiktig gjeld</b>	<b>140 776</b>	<b>167 094</b>

\* Påkomne kostnader per 31.12.20 er i hovudsak knytte til prosjekta Ny nasjonal høgdemodell og Geovekst etablering FKB-data i Landdivisjonen og til Mareano i Sjødivisjonen.

\*\* Sjå note 2 for pensjonskostnader. Som følgje av endra regelverk for føring av pensjonskostnader (jf. R-118, des. 2019), vart det avdekt ein IB saldo knytt til avsetningar i tidlegare år for arbeidsgjevar sin del til SPK som ikkje var utlikna ved utgangen av 2019 (IB 2020). Korrigeringa har ingen kontanteffekt eller resultatteffekt. Korrigeringa er gjort mot avrekningar. Samanlikningstal er ikkje omarbeidd då sum statens kapital og gjeld i balansen er uendra.

\*\*\* Frå 2019 har inn- og utbetalingar knytte til Primar Renc blitt førte på valutakonto i USD. I samsvar med rutine for valutakontoar skal desse bankkontoane ha motkonto på gjeldssida.

## Note 17

## Varekostnader knytte til tenesteproduksjon

	31.12.2020	31.12.2019
Framandtenester og underentreprisar	273 990	334 655
Kjøp av varer	1 020	1 178
Kjøp av andre tenester	40 406	39 825
<b>Sum varekostnader tenesteproduksjon</b>	<b>315 416</b>	<b>375 659</b>

I 2019 var mengda datafangst til Nasjonal detaljert høgdemodell langt høgare enn tidlegare år, og delar av prosjektet vart framskunda i 2019. Det var også høg aktivitet på internasjonale bistandsprosjekt.

I 2020 har datafangst til høgdemodellen vore mindre enn i 2019, sjølv om Kartverket fekk ekstra midlar i RNB (revidert nasjonalbudsjett) til framskunding av prosjektet.

Som følgje av Covid-19-pandemien har aktiviteten i internasjonale bistandsprosjekt naturleg nok vore på eit minimumsnivå.

Framandtenester og underentreprisar knytter seg til kjøp av tenester til datafangst, geodetiske tenester, kartkonstruksjon, laserskanning, trykkeritenester, flyfotografering, kjøp av landmålingstenester og kjøp av IT-tenester til produksjon.

Kjøp av varer knytter seg til rekvisita.

Kjøp av andre tenester knytter seg til kostnader ved elektroniske signaturløysingar, porto i samband med tinglysingssaker, kostnader til kommunane utover FDV-avtalen og kjøp av tenester knytte til høgdemodellen.

Kartverket  
sitt hovudmål er å syte  
for oppdatert kart- og  
eigedomsinformasjon  
som grunnlag  
for verdiskaping  
og utvikling.

